



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 20. september 2017

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 4/17
TID: 27.9.2017 kl. 09:30
STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 23/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2017
PS 24/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 25/17	KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2017
PS 26/17	PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE»
PS 27/17	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT PR. 31.08.17
PS 28/17	BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN
PS 29/17	PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019
PS 30/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 31/17	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.
E-post: postmottak@kontrollutvalgromsdal.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi:
Ordførar
Rådmann
Møre og Romsdal Revisjon IKS



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 23/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14. JUNI 2017

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 14. juni 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidligare utsendt. Det er ikkje kome merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen vert formelt godkjent i påfølgande møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	3/17
Møtedato:	14.6.2016
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 13.45
Møtestad:	Møterom 2. etg., Aukra kommunehus
Sak nr:	16/17 – 22/17
Møteleiar:	Ole Rakvåg, nestleiar (H)
Møtande medlemmer:	Oddbjørg Sporsheim (V) Håkon Inge Sporsheim (Frp) Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Ikkje møtt:	Ingen
Møtande vara:	Jørgen Svenheim (Sp)
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Geir Göncz, fungerande rådmann, (under OS 16/17, sak 18/17 og 19/17) Rannveig H. Sporsheim, personalsjef, (under OS 16/17) Erna Varhaugvik, økonomisjef, (under sak 18/17)

Nestleiar Ole Rakvåg ønska velkommen og leia møtet.

Det vart framsett forslag om endring i rekkefølge på behandling saker: OS 16/17, sak 18/17 og 19/17 vert handsama først i møtet.

Innkalling og sakliste med desse endringane vart godkjent.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 16/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. MAI 2017
PS 17/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 18/17	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL 2017
PS 19/17	AUKRA KOMMUNE. OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK
PS 20/17	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
PS 21/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 22/17	EVENTUELT

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 3. mai 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Ole Rakvåg
2. Oddbjørg Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Ole Rakvåg og Oddbjørg Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming**Referatsaker:**

RS 09/17 **Rekneskap og årsrapport 2016** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 23.5.2017 i k-sak 45/17.

RS 10/17 **Utdrag frå protokoll frå kommunestyremøte 23.5.2017** – Sak 44/17 Presentasjon av resultat frå medarbeidarundersøkinga 10-faktor 2017, Orientering frå utbyggingsavdelinga Prosjekt 309200 Aukra Omsorgssenter, Prosjekt 313000 Julsundet omsorgsbustader og Prosjekt 669001 Omsorgsbustader i Julsundet.

Orienteringssaker:

OS 16/17 **Korleis fungere Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Aukra kommune**
Utvalet har invitert leiar og sekretær for Arbeidsmiljøutvalet (AMU) for å informere kontrollutvalet om korleis dei ser på bruk av AMU. Utvalet ønskjer også svar på kvifor det ikkje var avvika møter i AMU i 2016.

Tilbakemelding frå Aukra kommune ved personalsjef Rannveig H. Sporsheim, sendt 6.6.2017 - Kort orientering om Arbeidsmiljøutvalet i Aukra kommune, samt sak 3/17 Om arbeidet i AMU-saker til behandling, Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU og sak 4/17 AMU- faststtting av møter og val av medlemmar var utsendt saman med møtedokument.

Fungerande rådmann Geir Göncz informerte innleiingsvis om at deltakar frå arbeidstakersida ikkje hadde høve til å delta på møtet. Dette skuldast at dei hadde fått melding frå administrasjonen om kontrollutvalet sitt ønske for kort tid før møte. Göncz kunne informere om at formannskapet i møte 12.6.2017 hadde innstilt til kommunestyret på at ressurs for frikjøp av hovudverneombod i kommunen vert sett til 20 % stilling.

Personalsjef Rannveig H. Sporsheim informerte med utgangspunkt i det tilsendte notatet. Av dette notatet kjem det fram at det ikkje hadde blitt avvikla møter i AMU i 2016 grunna at det ikkje var faste møtedatoar og at oppsette møter vart avlyst då ein ikkje fann tidspunkt som passa medlemmene. Einingane, tillitsvade og verneombod hadde ikkje levert saker eller kome med forslag til saker som burde takast opp i AMU.

Personalsjefen kunne informere om at det i 2017 er planlagt fire møter. To møter er allereie avvikla, neste møte er i september. Leiinga har no fått ansvar for å melde inn saker, og einingane får ansvar for å involver seg meir. Ranveig H. Sporsheim seier at ein ser at ein må få til meir involvering av leiarmøte.

På spørsmål, vert det opplyst at alle medlemmene i AMU har gjennomført 40 t kurs i helse, miljø og sikkerhet (HMS).

Fungerande rådmann opplyser at utover arbeidet som skjer i AMU, så er hovudtillitsvald også med på alle leiarmøta. Tillitsvalte er også med i prosjektorganisasjonen i byggeposjekta.

Fungerande rådmann Geir Göncz og personalsjef Rannveig H. Sporsheim svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i møtet.

Kontrollutvalet forventar at det vert sett inn ressursar både frå leiinga og dei tilsett på å få arbeidsmiljøutvalet til å fungere, men det vert understreka at hovudansvaret ligg hos leiinga.

Kontrollutvalet ser behov for at dei tilsette får hjelp til å bygge opp kompetanse knytt til arbeid i arbeidsmiljøutval. Kanskje kan arbeidstilsynet hjelpe?

Personalsjefen opplyser at Stamina, som har overtatt ansvaret for bedriftshelsetenesta, også er deltakar i AMU møta.

Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp denne saka vidare og føre den opp på oppfølgingslista. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 18/17	AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL 2017
----------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2017 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet oppmodar om at administrasjonen vurderer å gi ei meir heilskapleg tertialrapportering til kommunestyret, som i tillegg til rapportring på økonomi også inneheld viktig informasjon frå driftseiningane som informasjon om sjukefråvær og informasjon om oppfølging av politiske vedtak.

Kontrollutvalet si handsaming

Fungerande rådmann Geir Göncz og økonomisjef Erna Varhaugvik var tilstades i møte og orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet sine medlemmer.

Erna Varhaugvik informerte om hovudtala. Det ligg an til ei auke i eigedomsskatt på ca. 10 mill. kroner. Mange einingar melder til dels stor avvik.

Fungerande rådmann Geir Göncz informerer om dei største avvika som er på Barnevernstenester og Institusjonstenester. Han viser også til meirforbruk på Helse og at det er usikkert om også Heimetenestene kan kome til å få eit meirforbruk. Göncz opplyser at kommunen var varsla om at det ville kome eit meirforbruk knytt til tiltak i barnevernstenesta, men at dei vart overraska over at det var så stort. Administrasjonen i Aukra har eit ønske om å få betere informasjon frå Barnevernstenesta i Molde kommune, som er vertskommune for tenesta.

Møteleiar Ole Rakvåg etterlyser betre informasjon til politikarane om årsak til den store auken i kostnader i barnevernstenesta.

Oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug var ikkje tilstades i møte, men han hadde gjennomgått tertialrapport og sak om budsjettkorrigeringar. Rishaug hadde før møte formidla til sekretær at det som står i sak om budsjettkorrigeringar under **25 Kultur** – Fond for tilskot til frivillige lag og organisasjonar, var noko uklart formulert. Sekretær spurte i møte om økonomisjefen kunne forklare dette nærare.

Utvalsmedlem Håkon Inge Sporsheim peikar på at det er viktig å vere opptatt av likestillingsperspektivet i Aukra kommune. Utgangspunktet er tabell for lønnstillegg etter lokale forhandlingar hausten 2016. Tabellen viser at dei einingane som har mange kvinner har fått svært lite midlar til lokale forhandlingar. Økonomisjefen ber om orsaking for at det ikkje kjem fram av tabellen gjeld for dei som kjem inn under kap.3 og 5 i hovudavtalen og som får sine lønnstillegg berre ved lokale forhandlingar. Til dømes sjukepleiarar, får sine lønnstillegg knytt til andre kapittel der lønnstillegga i hovudsak vert gitt som sentrale tillegg.

Sekretariatet har i sitt saksframlegg tatt opp problemstillinga med at Aukra kommune har ein tertialrapport som er ein rein økonomirapport knyt til avvik. I mange andre kommunar så inneheld tertialrapporten til kommunestyret også anna viktig informasjon. I tillegg til avvik knytt til økonomi så vert det til dømes rapportert på sjukefråveret og status for oppfølging av politiske saker.

Kontrollutvalet drøfta om dette var noko som dei også vil oppmode om vert vurdert i Aukra kommune. I diskusjon kom det fram at utvalet vurderer at viktig driftsinformasjon frå einingane, utover avvik knytt til økonomi, er viktig for politikarane å kjenne til. Særleg det som er knytt til sjukefråveret.

Det vart i møte framsett følgjande forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2017 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet oppmodar om at administrasjonen vurderer å gi ei meir heilskapleg tertialrapportering til kommunestyret som i tillegg til rapportering på økonomi inneheld viktig informasjon frå driftseiningane som informasjon om sjukefråvær og informasjon om oppfølging av politiske vedtak.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2017 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.

Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær innleia med å vise til listene som var mottatt frå administrasjonen. Listene var meir opplysande i år enn i fjor, då det på fleire saker er lagt inn opplysande merknader. Det var i tillegg opplyst at datoen som ligg i feltet «Frist» indikerer kva år det politiske vedtaket som ikkje er følgt opp, vart fatta. Administrasjonen har ikkje følgt oppmodinga frå kontrollutvalet om å legge vedtaksoppfølginga inn i perioderapporteringa til kommunestyret, men det er ikkje kjent kva vurderingar som ligg til grunn for kvifor oppmodinga ikkje er følgt.

Fungerande rådmann Geir Göncz var tilstades i møte, men hadde ikkje nok kjennskap til den enkelte saka til å kunne gje informasjon om kva sakene dreidde seg om eller nærare om status knytt til sakene som står att.

Det vart framsett følgjande forslag i møte:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.

Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.

Utvalet vil framleis oppmode administrasjonen om å legge vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:
Offentlege anskaffingar i Aukra kommune
2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i saksframlegget
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet si handsaming

Kontrollutvalet hadde ei drøfting av aktuelle prosjekt ut frå plan for forvaltningsrevisjon. Utan om det temaet som sekretariatet hadde framsett forslag om, så vart det også drøfta om barnevernstenester kunne vere eit aktuelt prosjekt.

Sekretariatet peikar på at barnevernstenester er eit området det er svært viktig for kontrollutvalet å følgje med på, og dette kan gjerast på ulike måtar. Til dømes ved å be om orienteringar slik utvalet i dagens møte har konkludert med at dei ønskjer. Revisjonen har ikkje peika ut barnevernstenester som eit risikoområde som dei har foreslått i plan for forvaltningsrevisjon i Aukra kommune. Kommunestyret i Aukra har vedtatt at forvaltningsrevisjonar i perioden 2016-2019 skal gjennomførast innafør dei tema som er skissert i planen. Dersom kontrollutvalet skal velje eit prosjekt utanfor planen, så må utvalet fremje ei sak til kommunestyret om dette.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen opplyser at det for vertskommunesamarbeid er tilrådd at det er kontrollutvalet i vertskommunen som bestiller forvaltningsrevisjon på områder dei er vertskommune på. Då vert dei andre kommunane i samarbeidet førespurt om dei ønskjer å delta i prosjektet.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen svarte på spørsmål frå utvalet og kom med avklaringar.

Utvalet konkluderte med at dei var einig i sekretariatet sitt forslag om å velje Offentlege anskaffingar som tema for forvaltningsrevisjonsprosjektet som skal bestillast. Utvalet var einige i at problemstillingane som var skissert i saksframlegget kunne vere dekkande for det ein hadde ønske om å få belyst:

- Har kommunen føremålstenleg innkjøpsstrategi
- Blir varer og tenester kjøpt i samsvar med reglane om offentleg innkjøp
- Brukar kommunen rammeavtalane sine

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 21/17	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formannskapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløps-utvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å følgje opp at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ.

14.06.17: Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) (ny)

Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval.

Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.

14.06.17: Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.

Barnevernstenester (ny)

Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune.

Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.

Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.

14.06.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.

Kontrollutvalet si handsaming

Sak «Oppfølging av politiske vedtak» var i møtedokumenta ført opp som eiga sak 19/17.

Det vart i møte satt fram forslag om å føre opp to nye saker på oppfølgingslista.

- **Arbeidsmiljøutvalet (AMU)**
- **Barnevernstenester**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 22/17	EVENTUELT
----------	-----------

Referat frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sitt årsmøte og fagsamling 7.-8. juni i Tromsø.

Utvalsleiar Oddvar Hoksnes og utvalsmedlem Wilhelm Andersen deltok på fagsamling og årsmøte.

Wilhelm Andersen og sekretær gav utvalet referat. Det vert oppmoda til at utvalsmedlemmen går inn på <http://www.fkt.no/konferanser/fagkonferansen-2017/dokumentasjon>, for å sjå på presentasjonane som vart halde på fagsamlinga.

Sal av aksjar i Sund Bredbånd AS

Nestleiar Ole Rakvåg hadde dagen før møte informert om at han hadde ønskje om å ta opp denne saka under sak Eventuelt. Dei andre utvalsmedlemmene vart då informert om dette. Spørsmålet som Rakvåg tok opp var kvifor kommunen vel å selje aksjane til Sjøvik AS som einaste tilbydar. Det vert peikt på at det i saksframlegget til rådmannen ikkje er vedlagt dokumentasjon som kan verifisere at dette er rett pris t.d. ved å legge ved rekneskap/balanse frå selskapet. Formannskapet var i møte opplyst av fungerande rådmann at dette var marknadspris.

Rakvåg bad sekretariatet om å sjekke om saksbehandling/sal/prissetting, slik som beskrive i saksdokumentet til rådmannen, er forsvarleg i forhold til lova.

Kontrollutvalet si handsaming

Innleiingsvis reiste møteleiar spørsmål om Håkon Inge Sporsheim sin habilitet til å vere med å drøfte saka, då han er onkel til dagleg leiar i Sund Bredbånd AS.

Utvalet (4 voterande) gjorde eit samrøstes vedtak om at Håkon Inge Sporsheim er habil til å delta i drøfting av saka, då han ikkje vart funne ugild etter Forvaltningslova § 6 1. ledd (direkte habilitet) eller 2. ledd som omhandlar andre særeigne forhold.

Håkon Inge Sporsheim deltok i drøftinga, etter voteringa.

Utvalet sine medlemmer støtta at saka om sal av aksjar i Sund Bredbånd AS vart drøfta i møte.

Rådgjevar Sveinung Talberg i Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal, hadde før møte sett gjennom saksframlegget til formannskap/kommunestyre og lovverket som er på området. Han informerer i eit notat til utvalet at det i utgangspunktet er aksjelova som regulerer aksjesalet. Det kan likevel vere slik at selskapet sine vedtekter fastslår korleis salet skal skje. Det kan til dømes føreligge aksjonæravtalar som kan regulere forkjøpsrett for dei andre aksjonærane.

Saksframlegget til rådmannen seier ikkje noko om på kva grunnlag aksjesalet er vurdert. Er det følgt aksjelova eller er det vedtektene som regulerer dette? Vedtektene er ikkje vedlagt saksframlegget. Dersom det ikkje føreligg ein slik avtale om forkjøpsrett som er heimla i vedtektene, så er det aksjelova sine reglar som gjeld. Då burde aksjane vore omsett på den frie marknaden.

Talberg har også ein merknad til punkt 2. i vedtaket om at salssummen skulle setjast av til disposisjonsfond. Sal av egedelar i balansen kan berre brukast til å finansiere utgifter i investeringsrekneskapen. Det bør difor presiserast at salssummen skal setjast av til investeringsfond.

Møteleiar Ole Rakvåg opplyser i møte at han også er kjent med at Midsund kommune enno ikkje har gjort politisk vedtak om å selje sine aksjar. Dette er soleis ein feil opplysning i saksframlegget.

Utvalet drøfta informasjonen og var einige om at saka var for dårleg opplyst til at kommunestyret burde fatte vedtak.

Konklusjon

Kontrollutvalet bed om at rådmannen før saka vert lagt fram for kommunestyret, belyser betre grunnlag for konklusjon om salspris.

Wilhelm Andersen

Ole Rakvåg
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim

Håkon Inge Sporsheim

Jørgen Svenheim

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 24/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 11/17 **Årsmelding 2016 Kommunerevisjonsdistrikt 2** (vedlagt).
- RS 12/17 **Protokoll frå styremøte i Kommunerevisjonsdistrikt 2, 26.6.2017** (vedlagt).
- RS 13/17 **Protokoll frå representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 15.6.2017** (vedlagt)
- RS 14/17 **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal, 4.9.2017** (vedlagt)
- RS 15/17 **Protokoll fra møte i Arbeidsmiljøutvalet, 12.9.2017** (vedlagt)
- RS 16/17 **Rapport etter tilsyn – Kommunal beredskapsplikt Aukra kommune, (2 avvik og 3 merknader), Fylkesmannen i Møre og Romsdal. 13.6.2017** (vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 17/17 **Korleis fungere Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Aukra kommune**
Kontrollutvalet har bedt om å få ei oppdatering der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.
Fungerande rådmann Geir Göncz og hovudverneombod deltek i møte
Notat frå rådmannen datert 19.9.2017 (vedlagt).
- OS 18/17 **Utkast til Oppdragsavtale mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS**
Utkast til ein oppdragsavtale vert utdelt i møte og det vert høve for utvalet å kome med innspel.

Jane Anita Aspen
daglig leder

KOMMMUNEREVISJONSDISTRIKT 2 MØRE OG ROMSDAL

ÅRSMELDING 2016

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenumr: 1500	
Dato: 31 AUG 2017	
Saks og Arkivnr: 1500	Løpenr: 228/17
Arkivkode: 026	Gradering:

Selskapet – avvikling av selskapet

Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal ble etablert i 1993 ved sammenslåing av flere revisjonsheter, og eies av kommunene Molde, Vestnes, Rauma, Nesset, Sunndal, Gjemnes, Eide, Fræna og Aukra. Selskapet er hjemlet i § 27 i kommuneloven om interkommunalt samarbeid.

Selskapet har som oppgave å utføre lovpålagt revisjon i eierkommunene.

Sammenslåingen av Kommunerevisjonsdistrikt 2, Fylkesrevisjonen og Distriktsrevisjon Nordmøre IKS til Møre og Romsdal Revisjon IKS vil gi et nytt selskap som skal være revisor for 17 kommuner og fylkeskommunen. Etableringen har tatt lengre tid enn forventet.

Det ble først lagt opp til at Møre og Romsdal Revisjon IKS skulle etableres 1.7.2015, deretter 1.7.2016. Selskapet ble etablert 1.10.2016, men siden en kommune ikke hadde vedtatt selskapsavtalen, ble det en ytterligere utsettelse. Kommunerevisjonsdistrikt 2 fikk dermed et videre ansvar for oppdrag og ansatte. Møre og Romsdal Revisjon IKS ble registrert i Brønnøysundregistrene 2.1.2017. Virksomhetsoverdragelse skjedde fra 1.2.2017.

Ansatte i fylkesrevisjonen og ansatt hos Kommunerevisjonsdistrikt 2 ble samlokalisert i Julsundvegen 47 A i Molde 1.8.2016.

Kommunene i Kommunerevisjonsdistrikt 2 gjorde slikt likelydende vedtak 2016/våren 2017:

- Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal avvikles i det oppgavene ivaretas av Møre og Romsdal Revisjon IKS fra 1.10.2016 jf. kommunestyrets vedtak i sak 30/15 om å inngå som deltaker i Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Sunndal kommune endret i sitt vedtak dato for avvikling i samsvar med faktisk oppstart av det nye selskapet.

Styret

Styret har hatt følgende medlemmer:

Faste medlemmer	Personlige varamedlemmer	Deltakerkommune:
Torbjørn Rødstøl, leder	Arne Hop	Rauma
Ove Medalen, nestleder	Per Olav Eidseter	Nesset
Frank Lien	Martin Louis Lyngstad	Molde
Knut Sjømæling	Heidi Hogset	Gjemnes
Martin Kjøpstad	Sivert Petter Dyrkorn	Vestnes
Bjørn Steinland	Lise Karin Meisal	Sunndal
Anita Øyen Halås	Odd Magne Bolli	Eide
Øyvind Solem	Ingunn Hjelmås	Aukra
Ottar Nerland	Sigrun Gjendem Fjærtøft	Fræna

Ansatte har møtt i styret med tillitsvalgt.

Styret har videreført sitt arbeid og fungerer som et avviklingsstyre. Det har i løpet av 2016 vært avholdt to møter i styret og ett i lønnsforhandlingsutvalget (telefonmøte). De sakene som har vært behandlet er blant annet budsjett, regnskap, lønnsforhandlinger og avviklingen av selskapet.

Styret godkjente via mail budsjett for 2017. (29.12.2016). Budsjettet for 2016 ble videreført i 2017 med en økning på 3 % inntil nytt selskap tar over. Dette for å sikre at forpliktelser, som lønn til de ansatte, blir ivarettatt.

Styreleder har hatt ekstra oppgaver knyttet til møter om virksomhetsoverdragelsen og avtale mellom nytt og gammelt selskap.

Personell

Selskapet hadde 9,5 stillinger i 1993. Reduksjon i antall ansatte har vært mulig pga at revisjonsarbeidet er lagt om til mer fokus på risiko- og vesentlighetsvurderinger, og at det er tatt i bruk elektroniske hjelpemidler i dokumentasjon og kommunikasjon. Dette har ført til høyere effektivitet i form av flere tjenester og lavere kostnader. De nye hjelpemidlene har også gitt en bedre kvalitet på arbeidet.

Det er lagt til grunn at selskapet skal ha seks ansatte. Ved utgangen av 2016 var det 5 ansatte og en stilling vakant. I sak 10/15 Budsjett 2016 framgår det at et tiltak for å kunne holde budsjettet er fortsatt å ha en stilling vakant. Det var videre en forutsetning i budsjettet for Møre og Romsdal Revisjon IKS at ansatte i Distriktsrevisjon Nordmøre skulle bistå våre kommuner.

Maria-Elis Henøen Hustad ble ansatt som regnskapsrevisor og tiltrådte 1.9.2016. Da daglig leder sluttet 1.7.2016, ble denne stillingen holdt vakant i påvente av etablering av nytt selskap. Konsekvensen har blitt merarbeid for de ansatte, og at noen oppgaver har blitt utsatt. Ansatte fra de andre enhetene har etter nyttår deltatt i arbeidet med revisjon for selskapets kommuner. Tidligere revisorer Sigmund Harneshaug og Ole Tønnesen har også bistått i arbeidet i 2017.

Anny Sønnerland har siden 1.7.2016 vært konstituert som daglig leder i Kommunerevisjonsdistrikt 2 etter at daglig leder over flere år, distriktsrevisor Sigmund Harneshaug, gikk av med pensjon 1.7. 2016.

Selskapet har i hatt følgende ansatte i 2016: Sigmund Harneshaug, Einar Andersen, June Fostervold, Anne Oterhals, Maria-Elis Henøen Hustad og Anny Sønnerland.

Revisjonsoppgaver

Kommunerevisjonsdistrikt 2 har utført regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med hjemmel i kommuneloven. I tillegg utfører selskapet ulike attestasjonsoppgaver.

Revisjonsberetning til kommunene sine regnskaper ble avgitt innen lovens frist som er 15. april.

Noe av arbeidet med regnskapsrevisjon har i 2016 blitt utsatt til 2017 blant annet pga. sein etablering av nytt selskap.

Forvaltningsrevisjon

Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon er utarbeidet for alle kommunene og disse er godkjent av kommunestyrene.

I 2016 ble det i tillegg levert 3 forvaltningsrevisjonsrapporter. Rapportene omhandlet temaene

- Barnevern. Rauma kommune.
- Samhandlingsreformen. Eide kommune

- Kommunens økonomiske situasjon innen helse og omsorg - styring og rapportering. Molde kommune.

Arbeidet med de to første rapportene ble gjennomført i 2015.

Det er gjennomført oppfølging av tidligere forvaltningsrevisjonsrapporter og rapportert til kontrollutvalgene.

Selskapskontroll

Overordna analyse og plan for selskapskontroll er utarbeidet for alle kommunene og disse er godkjent av kommunestyrene.

Kvalitetskontroll

Det ble gjennomført kvalitetskontroll i revisjonsenheten fra Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) høsten 2016. Kontrollen var knyttet til regnskapsrevisjon i en kommune og gjennomgang av to forvaltningsrevisjonsrapporter. Det ble ikke avdekket vesentlige feil. Det ble gitt merknader til forvaltningsrevisjon, og revisjonen har iverksatt forbedringstiltak på disse områdene.

Økonomi

Kommunene faktureres med et fastbeløp på kr 100 000 og resten etter innbyggertall.

Oversikt over fakturerte kostnader til revisjon per kommune i 1000 kroner.

År	Molde*	Fræna	Eide	Gjemnes	Vestnes	Rauma	Aukra	Neset	Sunddal*
2016	1 935	787	347	283	569	627	341	314	608
2015	1 879	764	337	275	552	609	331	305	590
2014	1 530	631	292	241	465	510	284	265	497
2013	1 409	587	277	232	436	481	269	254	470
2012	1 380	576	275	232	432	478	266	252	471
2011	1 483	621	289	245	463	514	278	272	507
2010	1 419	597	278	241	448	496	271	265	495
2009	1 360	577	274	237	434	483	265	259	482

*Kommunale foretak faktureres direkte.

I honoraret til den enkelte kommune inngår også kostnad for revisjon av kirkelig fellesråd/sokneråd samt enkelte andre selskap, legat og stiftelser. Denne praksisen vil det nye selskapet se på.

Kommunene vil bli fakturert for 11 måneder fra Møre og Romsdal Revisjon IKS i 2017 i samsvar med vedtatt budsjett 2017:

År	Molde	Fræna	Eide	Gjemnes	Vestnes	Rauma	Aukra	Neset	Sunddal
2017	1856	761	336	274	550	607	330	303	588

Kommunene skal ta over ansvaret for pensjon for tidligere ansatte. Det ble gjort et trekk på kommunenes betaling på 308 000 kroner for å ivareta disse forpliktelsene. Anslag for pensjonskostene for 2017 for kommunene er 600 000 kroner.

For januar 2017 er det tatt utgangspunkt i budsjett 2016 pluss 3 %. Januar 2017 er fakturert av Kommunerevisjonsdistrikt 2.

Økonomisk oversikt i 1000 kroner

	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Regnskap 2015	Regnskap 2014
INNTEKTER				
Kommunene	5 816	5811	5 644	4 716
Selskaper	621	863	783	656
Andre inntekter	84	10		*642
SUM	6 521	6684	6 427	6 014
UTGIFTER				
Fast lønn	3 696	3925	3 998	3 855
Pensjon	911	1 093	554	1 242
Arbeidsgiveravgift	651	773	640	723
Andre utgifter	1352	893	780	860
SUM	6610	6684	5 972	6 680
Regnskapsresultat	- 89		455	-666

*bruk av fond

Inntektene i 2016 ble på 6,5 mill. kroner. Regnskapet viser i 2016 et merforbruk på kr 89 142.

Tabellen nedenfor viser postene med størst avvik i forhold til budsjettet i 2016.

Mindreforbruk lønn og sosiale utgifter	kr	558 000
- derav pensjonsandel KLP	kr	182 000
Merutgifter kjøp av varer og tjenester	kr	484 000
- derav kostnader til ikke avviklet ferie/avspasering	kr	363 000
Mindreinntekter andre salgs- og leieinntekter	kr	241 000

Andre utgifter

Under andre utgifter inngår også konsulentutgifter. Dette er 1/3 av utgifter til ekstern prosessleder for etablering av Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Under andre utgifter er bokført kr 363 000 til ikke avviklet ferie og timer til avspasering. Det har ikke vært praksis i selskapet å avsette som påløpt kostnad lønn for ikke avviklet ferie og fleksitid. Det er ulik praksis på dette området. I forbindelse med avvikling og overgang til nytt selskap ble disse kostnadene avsatt og vil etter avtale bli overført det nye selskapet. Disse kostnadene er ikke budsjettet i 2016. For januar 2017 er tilsvarende kostnader beregnet til kr 45 235.

Dekning av tidligere merforbruk

Det ble i 2016 budsjettet med dekning av tidligere merforbruk på 100 000 kroner. Merkostnader på kr 363 000 ikke avvikla ferie og avspasering gjorde at selskapet ikke klarte å dekke tidligere underskudd som planlagt. Merforbruket er på kr 131 535 fra 2014 og kr 89 141 fra 2016, i alt **220 677 kroner** per 1.1.2017.

Kr 220 677 må dekkes inn i avviklingsregnskapet 2017. Det er forskuttert utgifter for Møre og Romsdal Revisjon IKS som skal refunderes. Endelig avviklingsregnskap vil bli lagt fram.

Kommunestyrene i Kommunerevisjonsdistrikt 2 gjorde slikt likelydende vedtak 2016/våren 2017:

- Overskudd/underskudd i Kommunerevisjonsdistrikt 2 fordeles på eierkommunene etter fordelingsnøkkel som tilsvarer størrelsen på det årlige tilskuddet den enkelte kommune betalte i 2016.

Avtale om virksomhetsoverdragelse

Det er utarbeidet en avtale mellom Kommunerevisjonsdistrikt 2 og Møre og Romsdal Revisjon IKS knyttet til virksomhetsoverdragelsen. Dette gjelder i første rekke det økonomiske oppgjøret mellom selskapet. Styreleder og konstituert daglig leder fikk av styret fullmakt til å inngå slik avtale.

Arbeidsmiljø og likestilling

Det har vært utskifting av medarbeidere. Erfarne regnskapsrevisorer har gått av med pensjon i 2016 og 2015. Dette i tillegg til vakanser og utsatt etablering av nytt selskap har ført til stort arbeidspress og ekstraarbeid. Utviklings- og systemarbeid har blitt satt på vent i påvente av det nye selskapet. De ansatte er opptatt av å levere tjenester til god kvalitet. Tilstrekkelig personellressurser og et større fagmiljø vil blant annet bidra til dette.

Sykefraværet er lavt og det er registrert 29 dager i 2016, mot 40 dager i 2015 og 19 dager i 2014.

Styresammensetningen i selskapet tilfredsstillende ikke kravene til minst 40 % representasjon fra hvert av kjønnene. Selskapet praktiserer lik lønn og øvrige arbeidsbetingelser uavhengig av kjønn.

Molde 21.6.2017
Anny Sønderland

MØTEPROTOKOLL - STYRET

Dato: **31 AUG 2017**

Møtedato: 26. juni 2017 kl. 10 00
 Møteleder: Torbjørn Rødstøl
 Sak nr: 01- 05/17

Saks og Arkivnr: 1500	Løpsnr: 227/17
Arkivkode: 026	Gradering:

Fast medlem		Varamedlem		Kommune
Leder Torbjørn Rødstøl	X	Arne Høp		Rauma
Ove Medalen	X	Per Olav Eidseter		Neset
Frank Lien	X	Martin Louis Lyngstad		Molde
Knut Sjømæling	X	Heidi Høgset		Gjemnes
Martin Kjøpstad		Sivert Petter Dyrkorn		Vestnes
Bjørn Steinland	X	Liv Karin Meisal		Sunddal
Anita Øye Halås	X	Odd Magne Bolli		Eide
Øyvind Solem		Inngunn Hjelmås		Aukra
Ottar Nerland		Sigrid Gjendem Fjørtoft		Fræna

X - møtte

June Fostervold møtte som representant fra de ansatte. Referent: Anny Sønderland

Kopi av protokoll: styremedlemmer, varamedlemmer, medlemskommunene, styreleder og daglig leder i Møre og Romsdal Revisjon IKS, Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal, tidligere ansatte i Kommunerevisjonsdistrikt 2.

Det var ingen merknader til innkallingen. Styreleder ba om at sak om valg av revisor også ble tatt opp.

SAK 01/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA FORRIGE MØTE

Styret gjorde slikt vedtak:

Protokoll fra møte 29.9.2016 godkjennes.

SAK 02/17 ÅRSMELDING 2016

Det ble påpekt noen mindre feil i årsmeldingen. Dette vil bli opprettet og nye årsmelding sendt ut.

Styret gjorde slikt vedtak:

Årsmelding 2016 godkjennes.

Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal

SAK 03/17 REGNSKAP 2016

Styret gjorde slikt vedtak:

Regnskapet for 2016 godkjennes.

SAK 04/17 ORIENTERING OM ARBEIDET MED AVVIKLING AV SELSKAPET

Møre og Romsdal Revisjon IKS har tilsett daglig leder og har tatt over ansatte og oppdrag fra 1.2.2017. Kommunerevisjonsdistrikt 2 er formelt avvikla som selskap.

Styreleder og konstituert daglig leder fikk i sak 11/16 fullmakt til å håndtere det økonomiske oppgjøret mellom selskapene. Utkast til avtale ble delt ut på møtet.

Det ble stilt spørsmål ved pensjonsforpliktelsene. Brev til kommunene datert 31.1.2017 «Budsjett 2017 for revisjon – pensjonsforpliktelser for tidligere ansatte» ble delt ut på møtet. De tidligere eierkommunene skal ta over ansvaret for pensjonsforpliktelsene for tidligere ansatte.

Det kom inn noen innspill og spørsmål knyttet til avviklingsregnskapet.

Det var diskusjon rundt egenkapitalen i KLP. Det ble gitt uttrykk for at om eierkommunene skulle ta over forpliktelsene, måtte de også ta over egenkapitalen. Det blir lagt til grunn at disse forholdene tas med i det økonomiske oppgjøret mellom selskapene, og evt. tas opp med eierkommunene.

SAK 05/17 VALG AV REVISOR

Det skal avlegges regnskap for 2017 og et avviklingsregnskap som skal styrebehandles. Styret valgte i sak 10/16 KOMREV3 som revisor for 2016. Siden etableringen av selskapet ble utsatt, er det behov for å videreføre avtalen evt. velge annen revisor.

Styret gjorde slikt vedtak:

Styreleder får fullmakt til å velge revisor.

MØTEBOK

MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Styre/råd/utvalg:
Representantskapet

Møtested:
Kristiansund

Møtedato:
15.06.2017

Kl.:
09.30-10.00

Sak 1: Åpning av møtet

Leder i representantskapet Egil Strand ønsket velkommen.

Sak 2: Registrering av deltakere/konstituering

Følgende møtte:

Møre og Romsdal

fylkeskommune: 30,4 %

Molde: 12,1 %

Kristiansund: 12,1 %

Vestnes: 3,8 %

Rauma: 3,8 %

Nesset: 2,3 %

Aukra: 3,0 %

Fræna: 4,6 %

Eide: 2,3 %

Averøy: 3,6 %

Gjemnes: 2,3 %

Tingvoll: 3,0 %

Sunndal: 3,8 %

Surnadal:

Rindal: 2,3 %

Halsa: 1,5 %

Smøla: 2,3 %

Aure: 3,0 %

Representant: Jon Aasen
Representant: Torgeir Dahl
Representant: Kjell Terje Fevåg

Ingen

Ingen

Ingen

Ingen

Ingen

Representant: Egil Karstein Strand

Representant: Ingrid O. Rangønes

Representant: Knut Sjømæling

Representant: Peder Hanem Aasprang

Vara: Ståle Refstie

Representant: Marit G. Langli

Representant: *OLA T. Heggem*

Ingen

Ingen

Representant: Ingunn Golmen

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Kommunenr:

1500

Dato:

6 SEPT 2017

Saks og Arkivnr.:

1500

Løpenr.:

239/17

Arkivkode:

026

Gradering:

Fra styret: Styrets leder Per Ove Dahl og Heidi Blakstad Dahl

Fra administrasjonen: Daglig leder Veslemøy E. Ellinggard

Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste ble enstemmig godkjent.

Sak 4: Valg av møteleder og møtesekretær

Møteleder Egil Strand og møtesekretær Veslemøy E. Ellinggard ble enstemmig valgt

Sak 5: Valg av to representanter til å underskrive møteprotokollen sammen med møteleder

Ingunn Golmen og Kjell Terje Fevåg ble enstemmig valgt

Sak 6: Orientering om status i selskapet og utfordringer fremover ved styrets leder og daglig leder

Representantskapet tok den muntlige orienteringen til etterretning

Sak 7: Representantskapets praktisering av Offentlighetsloven

Det ble fattet følgende enstemmige vedtak i saken:

Innkallinger, sakspapirer og protokoller fra representantskapet er offentlige med mindre et dokument unntas offentlighet. Selve møtet er åpent med mindre møtet særskilte vedtar lukking.

Sak 8: Representantskapets del av Representantskapets og styrets årshjul

Det ble fattet følgende enstemmige vedtak i saken:

Representantskapets del av Representantskapets og styrets årshjul vedtas med følgende årlige møter i Representantskapet:

- | | |
|------------------|--|
| <i>Juni</i> | <i>Representantskapet behandler årsregnskapet, styrets årsberetning og revisors beretning.
Velger styre året etter valgår.</i> |
| <i>September</i> | <i>Representantskapet vedtar budsjett og økonomiplan.
Velger ny valgkomite i valgår.</i> |

Sak 9: Årsregnskap

Årsregnskapet med styrets årsberetning og revisjonsberetning godkjennes

Sak 10: Eventuelt:

Det ble fremmet sak om å vedta styrehonorar for 2016.

Administrasjonen la frem hva som var avsatt i regnskapet:


Honorar for et halvt år kr 89 400 + ekstrahonorar for medgått tid ved opprettelse av selskapet kr. 42 000 til styrets leder og kr. 10 000 til nestleder. Arbeidsgiveravgift kommer i tillegg.


Styrehonorar inklusive tilleggshonorar som avsatt i regnskapet ble vedtatt som honorar for 2016.


Leder i representantskapet Egil Strand avsluttet møtet.

Vi bekrefter med våre underskrifter at møtebokens blader er ført i samsvar med det som ble bestemt på møtet.

Kristiansund N, 15.6.2017


.....
Egil Strand


.....
Ingunn Golmen


.....
Kjell Terje Fevåg

Styret
for Kontrollutvalgssekretariatet
for Romsdal

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 2/17
Møtedato: 4.9.2017
Tid: Kl. 09.30 – kl. 12:55
Møtested: Møterom «Galleriet», Molde rådhus
Sak nr: 9/17 – 15/17
Møteleder: Stig Holmstrøm

Av styrets medlemmer møtte:

Vestnes kommune: Stig Holmstrøm, styreleder
Rauma kommune: Lars Ramstad, nestleder
Aukra kommune: Oddvar Hoksnes
Eide kommune: Kåre Vevang
Gjemnes kommune: Øyvind Gjøn
Molde kommune: Trygve Grydeland
Nesset kommune: Ivar Trælvik
Sunddal kommune: Trond M. H. Riise

Forfall:

Fræna kommune: Ingvar Hals

Møtende vara:

Fræna kommune: Lisbeth Valle

Ikke møtt:

Ingen

Fra sekretariatet:

Jane Anita Aspen, daglig leder
Sveinung Talberg, rådgiver

Av øvrige møtte:

Eirik Jenssen, rådgiver Juridisk seksjon Møre og Romsdal
fylkeskommune (under sak ST 13/17)

Protokollen godkjennes formelt i neste styremøte

Styrelederen Stig Holmstrøm ønsket velkommen og ledet møtet.

Innkalling og sakliste ble godkjent.

TIL BEHANDLING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
ST 09/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTE 4. MAI 2017
ST 10/17	ØKONOMIRAPPORT PR. 31. JULI 2017
ST 11/17	INNKJØP AV ELEKTRONISK SAKS- OG ARIKIVSYSTEM
ST 12/17	BUDSJETT FOR 2018
ST 13/17	UTKAST TIL PLAN FOR INFORMASJONSSIKKERHET
ST 14/17	REFERAT OG ORIENTERINGER
ST 15/17	EVENTUELT

ST 09/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE 4. MAI 2017
-----------------	--

Styrets vedtak

Protokollen fra styremøte 4. mai 2017 godkjennes.

Disse velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder:

1. Øyvind Gjøen
2. Kåre Vevang

Styrets behandling

Det foreslås at Øyvind Gjøen og Kåre Vevang velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med omforent forslag fra styrets medlemmer. (9 voterende)

Daglig leders innstilling:

Protokollen fra styremøtet 4. mai 2017 godkjennes.

Disse velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder:

1.
2.

ST 10/17	ØKONOMIRAPPORT PR 31. JULI 2017
-----------------	--

Styrets vedtak

Økonomirapport pr. 31.07.17 tas til orientering.

Styrets behandling

Daglig leder orienterte kort om situasjonen.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling. (9 voterende).

ST 11/17	INNKJØP AV ELEKTRONISK SAKS- OG ARKIVSYSTEM
-----------------	--

Styrets vedtak

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal går til innkjøp av saks- og arkivsystemet Elements, gjennom en felles avtale inngått av ROR-IKT.

Avtalens lengde vurderes for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdals avtale med Molde kommune.

Styrets behandling

Daglig leder svarte på spørsmål fra styremedlemmene.

Flere styremedlemmer gav uttrykk for at de savnet mer detaljerte opplysninger om innholdet i tilbudet og hva som ligger i avtalen med Evry.

Styret ønsker at daglig leder inviterer prosjektleder i ROR-IKT Geir Ståle Tennfjord til neste styremøte, slik at styret kan få mer detaljert informasjon.

Styret har merket seg at det informeres om at avtalen mellom ROR IKT og Evry maksimalt kan ha en varighet på 12 år. Styret synes dette er en for lang tidshorisont for sekretariatet, og ønsker at en skal vurdere å avgrense tidsrom for avtalen mellom Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal og Molde kommune.

Det ble fremmet følgende forslag til tillegg til daglig leders innstilling:

Avtalens lengde vurderes for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdals avtale med Molde kommune.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med omforent forslag fra styrets medlemmer. (9 voterende)

Daglig leders innstilling

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal går til innkjøp av saks- og arkivsystemet Elements, gjennom en felles avtale inngått av ROR-IKT.

ST 12/17	BUDSJETT FOR 2018
----------	-------------------

Styrets vedtak

1. Det framlagte forslag til budsjett for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal for 2018 godkjennes.
2. Daglig leder gis fullmakt til å omprioritere innenfor ansvarsområdets budsjetttramme.

Utgiftene fordeles på kommunene etter en prosentvis andel beregnet etter folketallet pr. 1. januar 2017 – jfr. vedlegg

Styrets behandling

Daglig leder orienterte om enkelte poster i budsjettforslaget og svarte på spørsmål fra styremedlemmene.

Det gjøres spesielt oppmerksom på at det er budsjettert med 200 000,- fra disposisjonsfondet, da det ikke er ønskelig at disposisjonsfondet blir for stort. Kommunes andel går noe ned i forhold til budsjettet for 2017.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling. (9 voterende).

Styrets vedtak

Styret tar saken til foreløpig orientering og ber om at daglig leder legger frem en ny sak i neste styremøte, basert på de innspill som kom i dagens møte.

Styrets behandling

Daglig leder hadde invitert rådgiver på juridisk seksjon i Møre og Romsdal fylkeskommune, Eirik Jensen, til å delta under behandling av denne saken. Jenssen har god kompetanse på dette fagfeltet, og kjenner også godt til sekretariatets arbeid gjennom vervet som nestleder i Rauma kontrollutvalg.

Jenssen sier at det i utgangspunktet er riktig at sekretariatet har en egen plan for informasjonssikkerhet, da det er et § 27 samarbeid, som er en egen juridisk enhet. Jenssen sier at sekretariatet kan undersøke nærmere om en som § 27 samarbeid likevel kan forholde seg til Molde kommunes informasjonssikkerhet. Sekretariatet kjøper tjenester til all bruk av IKT fra Molde kommune.

Daglig leder informerer om at det er en utfordringen å finne et nivå på dette området som er tjenlig til liten organisasjon med bare to ansatte og som ikke driver noen systematisk innsamling av personopplysninger. Sekretariatet må ha et minimumsnivå av det som er nødvendig å ha på plass for vår type organisasjon. Det at vi er en egen juridisk enhet, kan kreve at vi har et eget system.

Det er viktig for sekretariatet sitt omdømme at vi har et skikkelig system, siden oppgaven til sekretariatet er å passe på at kommunene har sine system på plass.

Styret ønsker at det undersøkes videre hva som ligger i Molde kommunes informasjonssikkerhetssystem, og om det finnes en mulighet for at sekretariatet kan koble seg på dette.

Det ble fremmet følgende forslag til vedtak:

Styret tar saken til foreløpig orientering og ber om at daglig leder legger frem en ny sak i neste styremøte, basert på de innspill som kom i dagens møte.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med omforent forslag fra styrets medlemmer. (9 voterende)

Daglig leders innstilling

Styret ber daglig leder bearbeide de innspillene som kom frem i styremøte 4.9.2017 og legge frem plan for informasjonssikkerhet for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal for godkjenning i neste styremøte.

Styrets vedtak

Referat- og orienteringssakene tas til orientering.

Styrets behandling

Referatsaker:

RS 02/17 **Uavhengig revisors beretning**, underskrevet revisjonsberetning datert 4.5.2017 fra KPMG.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (9 voterende).

ST 15/17	EVENTUELT
----------	-----------

Under Eventuelt ble følgende tema tatt opp:

- **Brev til kommunene om kontrollutvalgenes rolle og status**

Styremedlemmene fikk innledningsvis utdelt et utkast til brev utformet av styreleder og daglig leder.
Styreleder Stig Holmstrøm gjennomgikk innholdet i utkastet.
Det var mange problemstillinger som ble diskutert og følgende innspill ble notert:

 - Hvilket tidspunkt er det mest hensiktsmessig å legge frem et slikt brev? kanskje er best på starten av valgperioden?
 - Blir det for formelt språk?
 - Det kan være hensiktsmessig at kontrollutvalgsleder gjennomgår innholdet med kommunestyret?
 - Det bør også oppfordres til at informasjonen legges ut på kommunenes hjemmesider.
 - Det enkelte kontrollutvalg må selv ta ansvar for å få frem kontrollutvalgets rolle og funksjon, dette gjøres kanskje best ved presentasjon av årsmelding for kommunestyre og ved konkrete saker som kontrollutvalget jobber med.

Styret konkluderte med at det var ønskelig at det ble lagt frem et nytt utkast til brev i styremøte i november, der det også blir innarbeidet noe mer henvisning til selskapskontroller. Styret foreslår at etter styremøte i november blir brevet forelagt kontrollutvalgene som fremmer det til sitt kommunestyre.
- **Oppsummering av erfaringer fra opplæringsdagen**
 - Flere styremedlemmer uttrykte skuffelse over dårlig oppmøte, det var 21 som deltok på samlingen av potensielt 90 som fikk invitasjonen.
 - Bør vurdere å legge samlingen til et annet tidspunkt, ikke så tett opp til ferien men nærmere et kontrollutvalgsmøte.
 - Flere medlemmer har deltatt på tilsvarende samling, og meldte seg ikke på denne gangen
 - God foredragsholder
 - Kunne vært nyttig med flere synspunkt på temaet fra for eksempel innlegg fra fylkesmann og økonomisjefer
 - Et tema som tar opp juridiske vurderinger/problemstillinger kan være aktuelt på neste samling
 - Kurset kunne vært kjørt i folkevalgtopplæringen, ville vært nyttig for kommunestyrerepresentantene
- **Arbeid med oppdragsavtale mellom kontrollutvalgene og Møre og Romsdal Revisjon IKS**

Daglig leder orienterte om arbeidet med oppdragsavtalen mellom kontrollutvalgene og Møre og Romsdal Revisjon IKS. Avtalen skal erstatte engasjementsavtalen som har

vært mellom kontrollutvalgene og Kommunerevisjonsdistrikt 2. Sentralt i avtalene blir kommunikasjon mellom kontrollutvalg og revisor. Kontrollutvalgene skal få et utkast til diskusjon i først kontrollutvalgsmøte i høst. En tar sikte på å kunne godkjenne avtalene i kontrollutvalgsmøter i oktober/november.

- **Erfaringsutveksling**

Styremedlemmene utvekslet erfaring omkring problemstillinger og saker som er aktuelle i kontrollutvalgene.

Lars Ramstad
nestleder

Stig Holmstrøm
leder

Kåre Vevang
styremedlem

Øyvind Gjøen
styremedlem

Trygve Grydeland
styremedlem

Oddvar Hoksnes
styremedlem

Trond M. H. Riise
styremedlem

Lisbeth Valle
varamedlem

Ivar Trælvik
styremedlem

Jane Anita Aspen
sekretær



Aukra kommune

Møteprotokoll

Utval: **Arbeidsmiljøutvalet**
Møtestad: Aukra frivilligsentral
Dato: 12.09.2017
Tid: 09:00

Faste medlemmar som møtte:

Mette Gjerde Helset	Leiar
Ingrid Husøy Rimstad	Medlem
Sissel Oliv Garseth	Medlem
Jorunn Hurlen	Medlem
Geir Dagfinn Varhaugvik	Medlem
Rigmor Rørset	Medlem

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Varamedlemmar som møtte:

Frå administrasjonen møtte:

Personalkons. Ingunn Midsund

Merknader:

Frå Molde bedriftshelseteneste møtte: Elisabeth Torhus og Hans Kristian Furnes

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke i møtet.

Saksliste

Saksnr.:	Arkivsaksnr.:	Innhald:
PS 13/17		Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/17		Referatsaker
PS 15/17	2017/810	Orientering om sjukefråværet pr 31.7.17
PS 16/17	2017/439	Omorganisering av Teknikk, Eigedom og Brann, Plan og Utvikling og Utbyggingseininga
PS 17/17	2017/640	Status for arbeidsmiljøkartlegging på Aukraheimen
PS 18/17	2013/118	Status verneområda og medlemar i AMU
PS 19/17	2017/28	Orientering om resultat frå 10-faktor undersøkinga
PS 20/17	2016/670	Årsrapport 2016 - Molde bedriftshelsetjeneste
PS 21/17	2016/670	Orientering om målretta helseundersøkingar 2016

PS 13/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 14/17 Referatsaker

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Det var ingen referatsaker

PS 15/17 Orientering om sjukefråværet pr 31.7.17

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa til vitande.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes vedtak

Vedtak

AMU tek orienteringa til vitande

PS 16/17 Omorganisering av Teknikk, Eigedom og Brann, Plan og Utvikling og Utbyggingseininga

Rådmannen si tilråding:

Orienteringa om ny organisering innan Teknikk, Eigedom og Brann, Plan og Utvikling og Utbyggingseininga vert teke til vitande.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Vedtak

Orienteringa om ny organisering innan Teknikk, Eigedom og Brann, Plan og Utvikling og Utbyggingseininga vert teke til vitande.

PS 17/17 Status for arbeidsmiljøkartlegging på Aukraheimen

Rådmannen si tilråding:

AMU/administrasjonsutvalet tek orienteringa til vitande.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Vedtak

AMU tek orienteringa til vitande.

PS 18/17 Status verneområda og medleamar i AMU

Rådmannen si tilråding:

Mette Gjerde Helset er vald som nytt hovudverneombod frå 01.09.2017 og går inn som fast medlem i AMU. Rigmor Rørset er nytt verneombod på heimetenesta og vald som fast medlem i AMU.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Vedtak

Mette Gjerde Helset er vald som nytt hovudverneombod frå 01.09.2017 og går inn som fast medlem i AMU. Rigmor Rørset er nytt verneombod på heimetenesta og vald som fast medlem i AMU.

PS 19/17 Orientering om resultat frå 10-faktor undersøkinga

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa til vitande

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen med tilleggsinformasjon vart samrøystes vedtatt

Vedtak

AMU tek orienteringa til vitande

Under «Nokre tilbakemelding om status»:

Innvandring og integrering:

I eining for innvandring og integrering er det kun tiltak som mangler

Teknikk, eigedom og brann:

Har gått gjennom undersøkinga med driftspersonell, gjennomgang med reinhaldspersonell skal tas snarast.

I samarbeid med driftspersonell og fagleiarar på område, har vi blitt einige om å styrke kompetansen (faktor 7, relevant kompetanseutvikling). Tilsette og leing skal komme med forslag korleis ein skal nå målet i eit eige møte neste veke.

PS 20/17 Årsrapport 2016 - Molde bedriftshelsetjeneste

Rådmannen si tilråding:

Årsrapporten 2016 frå Molde bedriftshelsetjeneste vert tatt til orientering.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Vedtak

Årsrapporten 2016 frå Molde bedriftshelsetjeneste vert tatt til orientering.

PS 21/17 Orientering om målretta helseundersøkingar 2016

Rådmannen si tilråding:

AMU tek rapportane frå målretta helseundersøkingar ved Barnebo barnehage og Helse til vitande.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 12.09.2017

Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

Vedtak

AMU tek rapportane frå målretta helseundersøkingar ved Barnebo barnehage og Helse til vitande.



Aukra kommune

Kontrollutvalet v/Jane Anita Aspen

Kontrollutvalgssekretariatet - Lomsdal	
Kommunenr: 1547	
Dato: 19 SEPT 2017	
Saks og Arkivnr.: 1547	Løpnr.: 250/17
Arkivkode: 440	Graderting:

Vår ref.:
2016/247-33/216

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Ingrid Husøy Rimstad

Dato:
19.09.2017

Notat til kontrollutvalet

I møte i kontrollutvalet 3.5.17 vart eit tema teke opp under posten Eventuelt. Dette var kring Arbeidsmiljøutvalet, men spørsmålet gjekk også vidare til å bli spørsmål om arbeidsmiljøutfordringar i Aukra kommune.

Eg reknar då med at Kontrollutvalet vil ha svar på følgjande:

1. Manglande tal på møter i AMU
2. Om tilsette har slutta/ønskjer å slutte grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av kommunen
3. Korleis fungerer det partssamansette samarbeidet i organisasjonen.

Rådmannen vil i dette notatet gje kontrollutvalet sin sekretær ei kort orientering kring desse punkta. Fungerande rådmann Geir Göncz kjem til møtet 27.9 for å svare på spørsmål kring saka.

1. Manglande møte i AMU

Rådmannen ser klart ei forbetring her. Møte i AMU var sist 12.9.17, der var 7 saker på sakskartet. I tillegg vert dette med manglande saker til AMU teke opp i leiarmøte der både einingsleiarar og hovudtillitsvalde/hovudverneombod er faste deltakarar. Også framover vil rådmannen følgje opp slik at vi får fleire saker til utvalet. Rådmannen kan ikkje svare for dei hovudtillitsvalde og hovudverneombod, men også dei er oppmoda om å levere.

2. Om tilsette har slutta/ønskjer å slutte grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av organisasjonen

Rådmannen har sendt ut ein førespurnad til leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod om dette og har fått svar frå mest alle (I alt 15 svar frå leiarar).

Følgjande e-post vart sendt til einingsleiarane:

«Korleis fungerer Arbeidsmiljøutvalet? Utvalsmedlem Wilhelm Andersen seier at han har fått signal på at tilsette har slutta/ønskjer å slutte, grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av kommunen.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet har merka seg, i Aukra kommune sin årsrapport for 2016, at AMU i 2016 ikkje har hatt møter og at AMU i 2015 berre hadde 2 møter og 4 saker.

*Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval, og leiar og for utvalet skal veljast vekselvis mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarane sine representantar. Kontrollutvalet har forstått det slik at ein i AMU i Aukra byter på å vere leiar og sekretær for utvalet. **Kontrollutvalet lurar på korleis det partssamansette samarbeidet i kommunen fungerer (mi utheving).***

Postadresse
Nyjordvegen 12
6480 Aukra
E-post: post@aukra.kommune.no

Besøksadresse
Nyjordvegen 12
Org.nr. 964 981 337
www.aukra.kommune.no

Telefon
71 17 15 00
Telefaks
71 17 15 01

Bank
9650.26.60192
Bankkto. skatt
6345 06 15473

Utvalet er kjent med at omstillingsprosesser ofte er kritiske fasar der det er viktig at samarbeid fungerer godt.

Kontrollutvalet sin konklusjon:

Utvalet ønskjer å invitere leiar og sekretær for Arbeidsmiljøutvalet (AMU) for å informere kontrollutvalet om korleis dei ser på bruk av AMU. Utvalet ønskjer også svar på kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016.»

Her er eit samandrag av svara:

Dei fleste leiarar som har svara på spørsmålet seier at grunngevinga til tilsette som sluttar er: vil inn i andre fagmiljø, vil arbeide i større fagmiljø. Andre flyttar av årsakar som er samlivsbrot, at partnaren får seg jobb ein annan stad eller at dei skal ta til med anna yrkesval.

To-tre av leiarane i Aukra kommune seier att det har hendt at tilsette har sagt dei vil slutte. Dette kan ha vore grunngeve det med ei usemje mellom leiar og den tilsette, eller usemje mellom kollegaer (har ikkje dokumentert at dette faktisk har skjedd).

Ein einingsleiar seier at ein tilsett har sagt han vil slutte på grunn av press og stress, samtidig at medarbeidaren ville prøve å arbeide ein annan stad. Tre einingsleiarar seier dei har høyrte «rykter» om at medarbeidarar vil slutte, men ingen dokumentasjon finns.

I Aukra kommune legg rådmannen stor vekt på å få dokumentasjon når ting vert sagt og meint noko om. Det vil vere uprofesjonelt av rådmannen å ta tak i «rykter» og at «nokon seier».

Vi arbeider etter reglement og retningslinjer, spesielt når det gjeld konflikthandtering. Første «bod» er at ting skal dokumenterast og om vi har dokumentasjon skal saka undersøkjast! Det er ikkje lov av ein leiar å ikkje ta tak i saker som vert dokumentert. Vi skal undersøkje og gje melding. Vi skal følgje opp saker. Til eksempel har det vore uro kring turnus og omleggingar ved ei av einingane våre. Her har vi vore «tett på», medarbeidarundersøking – der medarbeidarane hadde ein låg svarprosent. Vi har hatt møter (oversikt er tidlegare lagt fram i møter med Formannskap for orientering), det er no ein undersøking frå bedriftshelsetenesta på gang.

Rådmannen er av den meinig at her vert det teke tak i saker og gjort noko med.

Det rådmannen ikkje kan gjere noko med er når medarbeidarar ikkje følgjer opp dei fastsette og bestemte rutine og heller ynskjer ein annan måte å arbeide på enn den som er fastsett og bestemt. Det kan av og til vere vanskeleg å vere med på endringar i arbeidslivet. Vi kan oppleve å verte usikker og ueinig med både leiing og tilsette.

Rådmannen er viss på at vi arbeider for det beste til brukarane i Aukra kommune og at dei tilsette gjer **god innsats for å få dette til**. Når tilsyn frå fylkesmann til eksempel krev endringar, då skal vi vere profesjonelle og ta dette med ein gong. Då kan ein oppleve at endringar kan vere tunge å ta med seg.

3. Korleis fungerer det partssamansette samarbeidet i kommunen.

Dette spørsmålet har leiarar og også hovudtillitsvalde og hovudverneombod svara på.

Her har leiarar og hovudtillitsvalde eit felles ansvar om å få til god samhandling. Leiarane har den største forpliktinga

Rådmannen har i kvart leiar møte med seg alle einingsleiarar, stab-støtte leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Alle er likeverdige og kan bidra inn i møta.

Det kjem mest respons frå leiarane, men dei hovudtillitsvalde har ei viktig rolle inn. Dei skal bidra og dei skal gje sine medlemmar ei oppdatering av kva som foregår i møta. Referatet er no lagt ut slik at alle interne brukarar (alle tilsette) kan lese dei.

Noko av det rådmannen oppmodar om er at dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet skal vere meir deltakande i møta. Dette har og andre leiarar etterlyst.

I einingane fungerer det partssamansette samarbeidet stort sett godt, ofte er det plasstillitsvalde hovudverneombodet som samhandlar.

Eg ynskjer meg «framoverlente» tillitsvalde som arbeider for eit godt arbeidsmiljø og ei god samhandling i einingane!

Nokre kjenner arbeidsmiljøutvalet litt for lite og leverer ikkje saker, dette er nemnt ovanfor og vi bør arbeide meir for det.

I eit partssamarbeid skal vi vere profesjonelle i saker som gjeld medarbeidarar, det er viktig at medarbeidarane vert teke på alvor og at dei får føre fram saka si etter lovar, rutinar og reglar som gjeld i kommunal verksemd. Dette arbeider vi med i samhandlinga.

Aukra, 18.9.17



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Aukra kommune

Tilsynsdato: 27.04.2017

Rapportdato: 13.06.2017

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING.....	3
1.3	TILSYNSTEMA.....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING.....	5
2	HOVDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK.....	7
3.2	MERKNADER.....	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	23.02.2017 (formøte) 27.04.2017 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Aukraringen 25, 6480 Aukra
Kommunennummer:	1545
Kontaktperson i kommunen:	Geir Göncz
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	16.05.2017
Endeleg tilsynsrapport sendt:	13.06.2017
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	28.07.2017

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Aukra kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse Aukra kommune	11.03.2014
2.	Beredskapsplan – Aukra kommune	01.02.2017
3.	Planstrategi 2017 – 2019	07.02.2017
4.	Saksframlegg: Krise- og beredskapsarbeid i Aukra kommune	20.03.2014
5.	Kommuneplan for Aukra kommune 2011 – 2020. Samfunnsdelen	16.06.2011
6.	Planomtale for kommuneplanen sin arealdel 2016-2028	15.06.2016
7.	Konsekvens for kommuneplanen sin arealdel 2016-2028	15.06.2016
8.	Samarbeidsavtale mellom Aukra kommune og Møre og Romsdal Røde kors	Ikkje datert
9.	Administrativt årshjul med frister – Aukra kommune	Ikkje datert
10.	Samøving Aukra kommune og Shell – Evaluering	18.01.2017
11.	Øving Fårikål 2016 – Evaluering	24.10.2016

1.5 Gjennomføring

Formøte med Aukra kommune vart gjennomført 23.02.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 27.04.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bernhard Riksfjord	Ordførar	X	X	X	X
Ingrid Husøy Rimstad	Rådmann	X	X	X	X
Geir Göncz	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass. Heilskapleg ROS-analyse er frå 2014 og er forankra i kommunestyret. ROS-analysen gjev eit godt bilete av utfordringane i kommunen, og visar til fleire konkrete funn som bør følgast opp. Analysen oppfyller dei fleste forskriftskrava. Det som manglar er ei vurdering av kommunen sin evne til oppretthalde drift ved uønska hendingar. Potensialet for forbetring ligg i å lage ein prioritert handlingsplan etter funna i ROS-analysen, og med bakgrunn i denne innarbeide oppfølginga i relevante prosessar og planar i kommunen.

I kommunens planstrategi går det fram at kommunens beredskapsplan skal rullerast årleg, og ta opp i seg endringar eller behov for forbetringar. Den heilskaplege ROS-analysen er det ikkje plan om å rullere i inneverande valperiode, men den skal etter planen rullerast i neste. Vi minner om at det er krav om å rullere denne i takt med revisjon av kommunedelplanar og elles ved endringar i risikobiletet. I kommuneplanen sin samfunnsdel er samfunnstryggleik og beredskap løfta fram som eit gjennomgåande perspektiv det skal takast omsyn til i all planlegging. Det går ikkje fram av det overordna planverket til kommunen, at det på bakgrunn av funna i ROS-analysen er utarbeid langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet, i trå med forskriftskravet.

Kommunens beredskapsplan er oppdatert i februar 2017. Det er eit krav i forskrifta at beredskapsplanen skal samordne og integrere øvrige beredskapsplanar i kommunen. Ei slik oversikt er beskrive som eit minimum i Del V, og inneheld ikkje oversikt over andre relevante eksterne beredskapsplanar. Plan for informasjon til tilsette er ei minimumsløysing. Delar av planen ser ikkje ut til å ha vore revidert sidan 2007. Beredskapsplanen er kort og oversiktleg, men kunne med fordel ha vore tydelegare på rutinar for drift av beredskapsorganisasjonen. Planen kunne òg vore meir operativ innretta, med tiltakskort for ulike hendingar. Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Tre forhold er kommentert som merknad.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Aukra kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

Regelverkstilvising:

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, litra e).

Utdjupande kommentar:

ROS-analysen manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønska hending har skjedd.

Avvik nr. 2

Aukra kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

Utdjupande kommentar:

Det går ikkje fram av det overordna planverket til kommunen, at det på bakgrunn av funna i ROS-analysen er utarbeid langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet, i trå med forskriftskravet. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal forankrast i kommunens plan og budsjettprosessar, og i den overordna planlegginga etter plan- og bygningslova (kommunal planstrategi, kommuneplanens- samfunnsdel og arealdel). Dette skal sikre at kommunen arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap på tvers av sektorar.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1:

Kommunen bør lage ein prioritert handlingsplan basert på funna i ROS-analysen. Denne vil kunne nyttast i den vidare arbeidet med å utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet, i trå med forskriftskravet.

Merknad nr. 2:

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument / styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- gje ein tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk, samt andre aktørar sine relevante beredskapsplanar
- fastsette rutinar for faste møte i kriseleiinga
- fastsette rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- fastsette rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

Merknad nr 3.

Beredskapsplanen har vedlegg som ikkje er oppdatert sidan 2007, som med fordel kan oppdaterast og inkluderast betre i planen. Rutinane (opplæring, øving, evaluering) kan ev. løftast ut av kriseplanen og takast inn i eit overordna styringsdokument jf. merknad nr 2. Kommunen bør og vurdere om varslingslister og oversikt over ressursar kan vere vedlegg til planen som vedlikehaldas i CIM. Dette kan gje ein meirverdi i at CIM då kan fungere som verktøy for varsling/innkalling av dei ulike funksjonane i beredskapen.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419



Aukra kommune

Kontrollutvalet v/Jane Anita Aspen

Kontrollutvalgsekretariatet Romsdal	
Kommunenr: 1547	
Dato: 19 SEPT 2017	
Saks og Arkivnr.: 1547	Løp.nr.: 250/17
Arkivkode: 440	Gradnr.:

Vår ref.:
2016/247-33/216

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Ingrid Husøy Rimstad

Dato:
19.09.2017

Notat til kontrollutvalet

I møte i kontrollutvalet 3.5.17 vart eit tema teke opp under posten Eventuelt. Dette var kring Arbeidsmiljøutvalet, men spørsmålet gjekk også vidare til å bli spørsmål om arbeidsmiljøutfordringar i Aukra kommune.

Eg reknar då med at Kontrollutvalet vil ha svar på følgjande:

1. Manglande tal på møter i AMU
2. Om tilsette har slutta/ønskjer å slutte grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av kommunen
3. Korleis fungerer det partssamansette samarbeidet i organisasjonen.

Rådmannen vil i dette notatet gje kontrollutvalet sin sekretær ei kort orientering kring desse punkta. Fungerande rådmann Geir Göncz kjem til møtet 27.9 for å svare på spørsmål kring saka.

1. Manglande møte i AMU

Rådmannen ser klart ei forbetring her. Møte i AMU var sist 12.9.17, der var 7 saker på sakskartet. I tillegg vert dette med manglande saker til AMU teke opp i leiarmøte der både einingsleiarar og hovudtillitsvalde/hovudverneombod er faste deltakarar. Også framover vil rådmannen følgje opp slik at vi får fleire saker til utvalet. Rådmannen kan ikkje svare for dei hovudtillitsvalde og hovudverneombod, men også dei er oppmoda om å levere.

2. Om tilsette har slutta/ønskjer å slutte grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av organisasjonen

Rådmannen har sendt ut ein førespurnad til leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod om dette og har fått svar frå mest alle (I alt 15 svar frå leiarar).

Følgjande e-post vart sendt til einingsleiarane:

«Korleis fungerer Arbeidsmiljøutvalet? Utvalsmedlem Wilhelm Andersen seier at han har fått signal på at tilsette har slutta/ønskjer å slutte, grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av kommunen.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet har merka seg, i Aukra kommune sin årsrapport for 2016, at AMU i 2016 ikkje har hatt møter og at AMU i 2015 berre hadde 2 møter og 4 saker.

*Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval, og leiar og for utvalet skal veljast vekselvis mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarane sine representantar. Kontrollutvalet har forstått det slik at ein i AMU i Aukra byter på å vere leiar og sekretær for utvalet. **Kontrollutvalet lurer på korleis det partssamansette samarbeidet i kommunen fungerer (mi utheving).***

Postadresse
Nyjordvegen 12
6480 Aukra
E-post: post@aukra.kommune.no

Besøksadresse
Nyjordvegen 12
Org.nr. 964 981 337
www.aukra.kommune.no

Telefon
71 17 15 00
Telefaks
71 17 15 01

Bank
9650.26.60192
Bankto. skatt
6345 06 15473

Utvalet er kjent med at omstillingsprosesser ofte er kritiske fasar der det er viktig at samarbeid fungerer godt.

Kontrollutvalet sin konklusjon:

Utvalet ønsker å invitere leiar og sekretær for Arbeidsmiljøutvalet (AMU) for å informere kontrollutvalet om korleis dei ser på bruk av AMU. Utvalet ønsker også svar på kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016.»

Her er eit samandrag av svara:

Dei fleste leiarar som har svara på spørsmålet seier at grunngevinga til tilsette som sluttar er: vil inn i andre fagmiljø, vil arbeide i større fagmiljø. Andre flyttar av årsakar som er samlivsbrot, at partnaren får seg jobb ein annan stad eller at dei skal ta til med anna yrkesval.

To-tre av leiarane i Aukra kommune seier att det har hendt at tilsette har sagt dei vil slutte. Dette kan ha vore grunngeve det med ei usemje mellom leiar og den tilsette, eller usemje mellom kollegaer (har ikkje dokumentert at dette faktisk har skjedd).

Ein einingsleiar seier at ein tilsett har sagt han vil slutte på grunn av press og stress, samtidig at medarbeidaren ville prøve å arbeide ein annan stad. Tre einingsleiarar seier dei har høyrte «rykter» om at medarbeidarar vil slutte, men ingen dokumentasjon finns.

I Aukra kommune legg rådmannen stor vekt på å få dokumentasjon når ting vert sagt og meint noko om. Det vil vere uprofesjonelt av rådmannen å ta tak i «rykter» og at «nokon seier».

Vi arbeider etter reglement og retningslinjer, spesielt når det gjeld konflikthandtering. Første «bod» er at ting skal dokumenterast og om vi har dokumentasjon skal saka undersøkjast! Det er ikkje lov av ein leiar å ikkje ta tak i saker som vert dokumentert. Vi skal undersøkje og gje melding. Vi skal følgje opp saker. Til eksempel har det vore uro kring turnus og omleggingar ved ei av einingane våre. Her har vi vore «tett på», medarbeidarundersøking – der medarbeidarane hadde ein låg svarprosent. Vi har hatt møter (oversikt er tidlegare lagt fram i møter med Formannskap for orientering), det er no ein undersøking frå bedriftshelsetenesta på gang.

Rådmannen er av den meining at her vert det teke tak i saker og gjort noko med.

Det rådmannen ikkje kan gjere noko med er når medarbeidarar ikkje følgjer opp dei fastsette og bestemte rutine og heller ynskjer ein annan måte å arbeide på enn den som er fastsett og bestemt. Det kan av og til vere vanskeleg å vere med på endringar i arbeidslivet. Vi kan oppleve å verte usikker og ueinig med både leiing og tilsette.

Rådmannen er viss på at vi arbeider for det beste til brukarane i Aukra kommune og at dei tilsette gjer **god innsats for å få dette til**. Når tilsyn frå fylkesmann til eksempel krev endringar, då skal vi vere profesjonelle og ta dette med ein gong. Då kan ein oppleve at endringar kan vere tunge å ta med seg.

3. Korleis fungerer det partssamansette samarbeidet i kommunen.

Dette spørsmålet har leiarar og også hovudtillitsvalde og hovudverneombod svara på.

Her har leiarar og hovudtillitsvalde eit felles ansvar om å få til god samhandling. Leiarane har den største forpliktinga

Rådmannen har i kvart leiarmøte med seg alle einingsleiarar, stab-støtte leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Alle er likeverdige og kan bidra inn i møta.

Det kjem mest respons frå leiarane, men dei hovudtillitsvalde har ei viktig rolle inn. Dei skal bidra og dei skal gje sine medlemmar ei oppdatering av kva som foregår i møta. Referatet er no lagt ut slik at alle interne brukarar (alle tilsette) kan lese dei.

Noko av det rådmannen oppmodar om er at dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet skal vere meir deltakande i møta. Dette har og andre leiarar etterlyst.

I einingane fungerer det partssamansette samarbeidet stort sett godt, ofte er det plasstillitsvalde hovudverneombodet som samhandlar.


Eg ynskjer meg «framoverlente» tillitsvalde som arbeider for eit godt arbeidsmiljø og ei god samhandling i einingane!

Nokre kjenner arbeidsmiljøutvalet litt for lite og leverer ikkje saker, dette er nemnt ovanfor og vi bør arbeide meir for det.

I eit partssamarbeid skal vi vere profesjonelle i saker som gjeld medarbeidarar, det er viktig at medarbeidarane vert teke på alvor og at dei får føre fram saka si etter lovar, rutinar og reglar som gjeld i kommunal verksemd. Dette arbeider vi med i samhandlinga.

Aukra, 18.9.17

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/04
Arkiv: 216
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 18.9.2017

Saksframlegg

Utvassaksnr	Utval	Møtedato
PS 25/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

KOMMUNIKASJONS-/REVISJONSPLAN 2017

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tar revisjonen sin presentasjon av kommunikasjons-/revisjonsplan for revisjonsåret 2017 til orientering.

Bakgrunn for saka

Etter Forskrift om revisjon kap. 2, § 4, er revisor pålagt å arbeide etter plan og effektivt. Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga under dette gjeld også å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. Forskrift om kontrollutvalg, kap. 3, § 4 og kommunelova § 78 nr. 1.

VURDERING

Revisjon av kommunen si verksemd skal skje etter god kommunal revisjonsskikk, dvs. at revisjonen skal planleggast, gjennomførast og rapporterast.

Revisjonen vil i møte gje kontrollutvalet ein presentasjon av revisjonsstrategi for revisjonsåret 2017.

Jane Anita Aspen
daglig leder



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 26/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSKET «OFFENTLIGE ANSKAFFELSER I AUKRA KOMMUNE»

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner den framlagte prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet "offentlige anskaffelser i Aukra kommune" med dei merknader og tilføyningar som måtte framkome i møtet. Prosjektplanen dannar grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Aukra vedtok i sitt møte 14.6.2016 i sak 20/17 å bestille forvaltningsrevisjon av «Offentlege anskaffelser i Aukra kommune.»

Prosjektet kjem inn under tema som inngår i Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019.

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77, nr. 4 og Forskrift om kontrollutvalg, kap. 5.

Ved bestilling av prosjekt diskuterte kontrollutvalet problemstillingar som dei ønska å få belyst, og konkluderte med følgjande:

- Har kommunen føremålstenleg innkjøpsstrategi
- Blir varer og tenester kjøpt i samsvar med reglane om offentlig innkjøp
- Brukar kommunen rammeavtalane sine

Prosjektet er bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon IKS. I følge RSK 001, Standard for forvaltningsrevisjon, skal det i starten av eit forvaltningsrevisjonsprosjekt utarbeidast ein prosjektplan som skal danne grunnlag for gjennomføring av prosjektet.

Vedlagt følger:

- Revisjonen sitt utkast til prosjektplan for «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune, datert 13.9.2017.

VURDERING

Kontrollutvalet har ansvar for at kommunen si verksemd årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøke om kommunen følgjer regelverket, om dei når fastsette mål og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Revisor utfører forvaltningsrevisjon på vegne av kontrollutvalet og er ansvarleg for gjennomføringa.

Kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar for forvaltningsrevisjon inneber m.a. at utvalet skal halde seg orientert om forvaltningsrevisjonsprosjektet undervegs i prosessen. Dette skjer gjennom prosjektplanen.

Prosjektplanen bør omtale følgjande punkt:

- Bakgrunn for prosjektet
- Målsetjing og problemstillingar
- Revisjonskriterium eller grunnlag for desse
- Metodisk tilnærming
- Organisering og ansvar, ressursbehov og tidsplan

I den vedlagte prosjektplanen har revisor, under pkt. 5, utarbeidd problemstillingar som blir lagt til grunn for prosjektet. Kontrollutvalet kan her vurdere om revisor sin oppfatning av bestillinga er i tråd med det utvalet hadde ønske om å få belyst ved val og bestilling av prosjekt.

I pkt. 6 i prosjektplanen kjem det fram dei avgrensingar som er gjort i prosjektet. Revisjonen tar utgangspunkt i innkjøp og anskaffelsar som er gjennomført dei siste to åra. Utvalet har i møte høve til å kome med innspel til i dei avgrensingane som vert gjort i prosjektplanen.

Pkt. 7 i prosjektplanen inneheld informasjon om metode og gjennomføring.

Sekretariatet vurderer at prosjektplanen revisjonen har utarbeidet inneheld dei punkt en slik plan bør innehalde.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Aspen, Jane Anita

Fra: Einar Andersen <Einar.Andersen@mrrevisjon.no>
Sendt: 13. september 2017 13:41
Til: Postmottak - Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
Kopi: Aspen, Jane Anita; 'Talberg, Sveinung'
Emne: Aukra kommune - prosjektplan
Vedlegg: Aukra kommune - 2017 - forvaltningsrevisjon - prosjektplan (13.9.2017).doc

Viktighet: Høy

Hei!

Kontrollutvalget i Aukra kommune bestilte i møte 14.6.2017 forvaltningsrevisjonsprosjekt om **offentlige anskaffelser**. Prosjektet skal gjennomføres høsten 2017.

Vedlagt følger prosjektplan for behandling i møte i kontrollutvalget 27.9.2017.

Prosjektplan sendes kun som e-post.

Med vennlig hilsen

MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Einar Andersen
Forvaltningsrevisor
917 08 199 Mobiltf.
einar.andersen@mrrevisjon.no

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr: 1947	
Dato: 13 SEPT 2017	
Saks og Arkivnr: 1511	Løpenr: 296/17
Arkivkode: 21	Gradering:

PROSJEKTPLAN	Møre og Romsdal Revisjon IKS
Forvaltningsrevisjon	Utarbeidet: 13.9.2017
Enhet: Aukra kommune	Utarbeidet av: Einar Andersen
Prosjekt: Offentlige anskaffelser i Aukra kommune	

1. Generell hjemmel for forvaltningsrevisjon

Aktivitet	Hjemmel
Kommunens revisor skal utføre forvaltningsrevisjon.	Kommuneloven § 78 nr. 2 og forskrift om revisjon kapittel 3 §§ 6-8
Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger.	Kommuneloven § 77 nr. 4

2. Bakgrunnen for dette revisjonsprosjektet

Plan for forvaltningsrevisjon 2016 til 2019

Utvalg	Saksnummer	Dato
Kontrollutvalget	22/2016	15.9.2016
Kommunestyret	77/2016	11.10.2016

I Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 er *offentlige anskaffelser* nevnt som et av fem aktuelle hovedtema for forvaltningsrevisjon i perioden.

I den overordnede analysen som ligger til grunn for plan for forvaltningsrevisjon opplyses følgende om temaet offentlig anskaffelser:

Kommunene må oppfylle krav i lov om forskrift om offentlig anskaffelse.

Anskaffelsesregelverket er omfattende og erfaringsvis er innkjøpsområdet et område med risiko for brudd på regelverket. Innkjøp er et område som bør ha særlig oppmerksomhet.

Det er viktig at kommunen utarbeider rutiner/ retningslinjer for etterlevelse av bestemmelsene i regelverket om offentlige anskaffelser. Kommunen må ha tilstrekkelig kompetanse og organisering på innkjøpsområdet knyttet til bestillerfunksjonen.

Økonomiavdelingen har ansvar for lønn, regnskap, budsjett, innkjøp og finans. Innenfor nevnte områder skal avdelingen yte god faglig bistand til enhetene, og legge til rette for effektiv og forsvarlig økonomistyring. Delmål i budsjett 2015 var å etablere innkjøps-samarbeid og utvikling av innkjøpskompetanse. I årsrapport 2015 opplyses det at videreføring og utvidelse av innkjøps-samarbeid med Molde kommune er politisk vedtatt. Videre opplyses det at ansatt har gjennomført KS sertifiseringskurs i offentlige anskaffelser i 2015.

Bestilling av prosjekt

Utvalg	Saks-nummer	Dato	Vedtak
Kontrollutvalget	20/2017	14.6.2017	Kontrollutvalet sitt vedtak 1. Kontrollutvalet bestiller følgende forvaltningsrevisjonsprosjekt: Offentlege anskaffingar i Aukra kommune 2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i saksframlegget 3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS. 4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

I protokoll til sak 20/2017 opplyses følgende om prosjekt om offentlig anskaffelser under overskriften kontrollutvalgets behandling:

Utvalet var einige i at problemstillingane som var skissert i saksframlegget kunne vere dekkande for det ein hadde ønske om å få belyst:

- *Har kommunen føremålstenleg innkjøpsstrategi*
- *Bliar varer og tenester kjøpt i samsvar med reglane om offentleg innkjøp*
- *Brukar kommunen rammeavtalane sine*

I saksframlegg til sak 20/2017 gis følgende opplysninger om prosjekt om offentlig anskaffelser:

Revisjonen skriv om dette området; «Kommunene må oppfylle krav i lov og forskrift om offentlig anskaffelse. Anskaffelsesregelverket er omfattende og erfaringsvis er innkjøpsområdet et område med risiko for brudd på regelverket. Innkjøp er et område som bør ha særlig oppmerksomhet.

Det er viktig at kommunen utarbeider rutiner/ retningslinjer for etterlevelse av bestemmelsene i regelverket om offentlige anskaffelser. Kommunen må ha tilstrekkelig kompetanse og organisering på innkjøpsområdet knyttet til bestillerfunksjonen».

I Aukra kommune vert det gjennomført svært mange investeringar. Dette gjer dette området til eit risikoområde. Samstundes så vil det at det vert gjort så mange investeringar også gje administrasjonen mykje kompetanse på feltet, noko som kan gje mindre risiko.

Sekretariatet vurderer at det kanskje er innafor dette temaet det er mest aktuelt å rå til at kontrollutvalet vel eit prosjekt.

3. Regelverk for offentlige anskaffelser (anskaffelser.no)

Krav til planlegging og gjennomføring av offentlige anskaffelser er regulert i lov om offentlige anskaffelser av 17.6.2016 nr. 73 med tilhørende forskrifter.

Fram til 31.12.2016 regulerte lov av 16.7.1999 om offentlige anskaffelser og forskrift av 7.4.2006 om offentlige anskaffelser området. Revisjonen planlegger å undersøke etterlevelse av krav til offentlig anskaffelser i Aukra kommune i 2016 og 2017. Revisjonen har derfor tatt

utgangspunkt i krav i både i gjeldende og opphevet lov. Gjennom dette vil revisjonen også undersøke om kommunen har implementert nytt regelverk.

Offentlige virksomheter må følge noen grunnleggende prinsipper og krav til prosedyrer ved planlegging og gjennomføring av offentlige anskaffelser. Gjennomføring av offentlige anskaffelser er regulert i anskaffelsesloven. De fleste offentlige oppdragsgivere må følge bestemmelsene i forskrift om offentlige anskaffelser av 12.8.2016 nr. 974.

Regjeringen har utgitt veileder til regelverket for offentlige anskaffelser. Veiledningen gjelder regelverket som gjaldt fram til 31.12.2016. Departementet arbeider med å utarbeide veiledning til de nye anskaffelsesreglene. Dette omfatter veiledning til ny lov om offentlige anskaffelser, ny forskrift om offentlige anskaffelser, ny forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene og ny forskrift om inngåelse av konsesjonskontrakter. Det opplyses at hovedfokuset er på lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Veiledningstekster til nytt regelverk publiseres fortløpende på departementets nettsider etter hvert som de blir klare. Departementet anbefaler oppdragsgivere, leverandører og andre interesserte om å følge med på departementets sider om offentlige anskaffelser.

Det er opprettet en egen klagenemd for behandling av klager fra leverandører eller andre med saklig klageinteresse om brudd på regelverket for offentlige anskaffelser. Klagenemdas virksomhet og klageprosessen er regulert i forskrift om klagenemd for offentlige anskaffelser av 15.11.2002.

4. Status for innkjøpsarbeid i Aukra kommune

Rådmannen i Aukra har tre stabsavdelinger: Økonomiavdelinga, Personal- og organisasjonsavdelinga og Serviceavdelinga. Stabene har rådgivende roller mot kommunen sine enheter. De skal støtte organisasjonen og gir råd til rådmannen og rådmannsteamet innenfor fagområda sine. Økonomiavdelinga har bl.a. oppgaven knyttet til innkjøp, og avdelinga skal på dette området yte god faglig bistand til enhetene, og legge til rette for effektiv og forsvarlig økonomistyring.

Aukra kommune deltar i innkjøpssamarbeidet ROR Innkjøp. Dette er et samarbeid mellom kommunene Molde, Rauma, Aukra, Misund og Nesset.

5. Problemstillinger og revisjonskriterier

Problemstillinger

Det skal utarbeides problemstillinger for den enkelte forvaltningsrevisjonen. Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget har revisjonen operasjonalisert problemstillingene og mener at disse er tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Revisjonen legger til grunn at det kan gjøres mindre justeringer i forhold til de funn som undersøkelsen avdekker. Konkretisering av problemstillingene vil bli vurdert underveis i prosjektet.

Revisjonskriterier

Med utgangspunkt i problemstillingene skal det etableres revisjonskriterier. Revisjonskriterier er de krav, normer og/ eller standarder som forvaltningsrevisjonsobjektet skal revideres/ vurderes i forhold til. Revisjonskriteriene skal være begrunnet i, og utledet fra,

autoritative kilder innenfor det reviderte området. Revisjonskriteriene skal være relevante, konkrete og i samsvar med de kravene som gjelder for forvaltningsrevisjonsobjektet innenfor den aktuelle tidsperioden.

Revisjonskriterier hentes fra lov og forskrift om offentlige anskaffelser, samt råd og veiledningsmaterieell fra departement, Difi og KS.

Revisjonen vil innhente aktuelle styringsdokumenter fra Aukra kommune. Disse vil kunne være kilder til konkretisering av problemstillinger og kriterier.

Basert på temaene som kontrollutvalget ønsker vurdert har revisjonen utledet følgende aktuelle tema og problemstillinger:

Tema 1: Tiltak for å sikre innkjøp og etterlevelse av regelverk

Problemstilling:

- Har Aukra kommune tiltak for å sikre innkjøp og etterlevelse av reglene om offentlige anskaffelser?

Revisjonskriterier

Revisjonen ser det som aktuelt å undersøke hvordan Aukra kommune har organisert arbeidet og hvilke samarbeids- og kontrollrutiner som er etablert for sikre regelverk etterleves.

Aktuelle revisjonskriterier kan være om Aukra kommune:

- har en anskaffelsesstrategi/ et reglement som omhandler ansvar, mål og strategier for innkjøp.
- har tiltak for å ta samfunnsansvar i anskaffelser (etisk handel, sosial dumping og miljø).
- har en tydelig oppgave- og ansvarsfordeling ved anskaffelser.
- gir medarbeidere opplæring i regler og rutiner for anskaffelser.
- forebygger, avdekker og retter opp avvik i forbindelse med anskaffelser.

Tema 2: Enkeltanskaffelser

Problemstilling

- I hvilken grad blir varer og tjenester anskaffet i samsvar med reglene om offentlige anskaffelser?

Revisjonskriterier

Aktuelle revisjonskriterier kan være om Aukra kommune sikrer at:

- enhver anskaffelse så langt det er mulig er basert på konkurranse.
- det ved anskaffelser er innhentet skatteattest i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser (gjelder for anskaffelser over en gitt kostnad).
- det ved anskaffelser føres protokoll i samsvar med forskrift om offentlige anskaffelser (gjelder for anskaffelser over en gitt kostnad).
- anskaffelser til en verdi av over 500 000 u/ mva er lyst ut i samsvar med kravene i forskriften (fra 1.1.2017 er verdien hevet til 1,1 mill).

Tema 3: Bruk av rammeavtaler

Problemstilling:

- Bruker Aukra kommune inngåtte rammeavtaler?

Revisjonskriterier

Det er aktuelt å se om kommunens praksis er i tråd med rammeavtaler som er inngått av kommunen.

Aktuelle revisjonskriterier kan være om Aukra kommune:

- har en oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtaler
- følge de rammeavtaler som til enhver tid gjelder

6. Avgrensning

Forvaltningsrevisjonsprosjektet vil i hovedsak vurdere kommunens system og rutiner knyttet til innkjøp og offentlige anskaffelser.

Revisjonen tar utgangspunkt i innkjøp og anskaffelser som er foretatt de siste to årene.

Videre avgrensninger vil bli vurdert underveis i prosjektet.

7. Metode og gjennomføring

Undersøkelsen skal baseres på NKRFs (Norges kommunerevisorforbund) standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Metoden som vil bli nyttet er dokumentgjennomgang og intervjuer. Det vil videre bli foretatt stikkprøvekontroll av anskaffelser basert på gjennomgang av regnskap.

8. Ressurser

Kompetanse	Navn	Ressurser
Oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor	Einar Andersen	150 timer
Annen forvaltningsrevisor		25 timer
Regnskapsrevisor	June Beøy Fostervold	25 timer

9. Tidsplan

Oppstartbrev kan sendes til rådmann når prosjektplan er vedtatt i kontrollutvalget. Revisjonen beregner at prosjektrapport kan leveres til kontrollutvalget medio desember 2017.

Aktivitet	Planlagt utført	Merknader
Kontrollutvalget bestilte prosjektet	14. juni 2017	OK
Oppstart planlegging	September 2017	OK
Prosjektplan sendes til kontrollutvalget	13. september 2017	OK
Prosjektplan behandles i kontrollutvalget	27. september 2017	
Utsendelse oppstartbrev til administrasjonssjef	2. oktober 2017	
Oppstartmøte med administrasjonssjef	Første halvdel av oktober 17	Avtal så tidlig som mulig
Arbeid med rapport	Oktober til desember 2017	
Utkast til rapport på høring	Desember 2017	En uke før høringsmøte
Høringsmøte med administrasjonssjef	Desember 2017	
Frist for høringsuttalelse	Medio desember 2017	
Rapport oversendes til kontrollutvalg	Medio desember 2017	
Kontrollutvalg behandler rapporten		
Kommunestyret behandler rapporten		

10. Definisjoner

Rammeavtale

En tidsbestemt avtale med en leverandør hvor oppdragsgiver kan kjøpe varer og / eller tjenester innenfor et forutbestemt spekter av varer og / eller tjenester. Dersom rammeavtalen er korrekt inngått etter regelverket om offentlige anskaffelser vil i hovedsak alle kjøp være innenfor regelverket.

Kontrakt

En avtale med en leverandør hvor oppdragsgiver kan kjøpe en fast bestemt mengde varer og/ eller tjenester innenfor for eksempel ett byggeprosjekt. Dersom kontrakten er korrekt inngått etter regelverket om offentlige anskaffelser vil anskaffelsen være innenfor regelverket. Det er i hovedsak ikke anledning til å gjøre anskaffelser ut over det som er definert i kontrakten.

Direkte anskaffelse

Kjøp av en leverandør uten rammeavtale eller konkurranse. Dette er kun unntaksvis lovlig dersom gitte kriterier i regelverket om offentlige anskaffelser er til stede.

Elektronisk handel

Generelt begrep om bruk av elektroniske verktøy for å understøtte kjøps- og salgsprosesser. Begrepet er knyttet til følgende anskaffelsesprosesser: Planlegging og gjennomføring av konkurranser om offentlige anskaffelser, kontraktsadministrasjon, bestilling og leveranse/ mottak av varer og tjenester, fakturering og betaling.



AUKRA KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/04
Arkiv: 210&13
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 19.9.2017

Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 27/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT PR. 31.08.17

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport pr. 31.08.17 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Bakrunn for saka

Etter i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet

”påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.”

Med heimel i lova har Kommunaldepartementet gitt Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta), kor kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon går fram av kapittel 4.

Med heimel i kommunelova § 46 nr. 8, har Kommunaldepartementet gitt **Forskrift om årsbudsjett for kommuner.**

I § 10 i Forskrifta går det fram at administrasjonssjefen gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter i tråd med vedtatt årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finn rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå store avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret leggast fram forslag til naudsynte tiltak. Rapporteringa skal minimum skje to gonger pr. år jf. merknad til paragraf 10.

I § 11 går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når dette vert vurdert påkravd. Det er kommunestyret sjølv som skal vedta dei naudsynte endringar i årsbudsjettet.

I § 12 går det fram at oversiktene skal innehalde inntekter, utgifter, avsetningar og bruk av avsetningar og bygge på same grunnlag som vedtatt årsbudsjett.

I Aukra kommune sitt økonomireglement stå det at «Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendring ved handsaming av tertialrapporten.»

Vedlagt saka følgjer:

- Økonomirapportering pr. 31.08.17. Saksframlegg til formannskap og kommunestyre
- Budsjettkorrigeringar pr. 31.08.17. Saksframlegg til formannskap og kommunestyre

VURDERING

Grunnlag for saka er rådmannen si sak «Økonomirapportering pr. 31.08.17» og sak «Budsjettkorrigeringar pr. 30.08.17».

Ut frå ei samla vurdering av rammetilskot og kommunen sin skatteinngang ventar ikkje rådmannen i det som er fastsett for 2017.

Grunna utsett låneopptak, vil avdragsutgiftene bli redusert med 3 279 000.- og renteutgiftene med kr 1 500 000.-. Reduserte utgifter blir tatt inn i budsjettkorrigeringssaka.

Rapporterte prognosar for 2017 pr. 31.8.17 viser eit samla meirforbruk på 11,3 mill. kroner knytt til driftseiningane, som vert vurdert å ikkje kunne dekkast gjennom tiltak på den enkelte eining. Sjå rådmannen sitt saksframlegg for kva einingar som har prognoser for meirforbruk. Økonomirapport pr. 30.04.17 viste eit samla meirforbruk på 8,1 mill. kroner. Det vart då gjort budsjettkorrigeringar som auka rammene til einingane som hadde meldt prognose for meirforbruk.


Rådmannen skriv i sitt saksframlegg at samla auke i midlar fordelt til drift i 2017 vil være kr. 19,5 mill., tilsvarande 7,4 % av opprinneleg vedteke budsjett. Dette er ei vesentleg auke i kommunen sitt utgiftsnivå.

Når det gjeld investeringsrekneskapen, så er det ikkje venta avvik i forhold til framdrift og/økonomisk ramme, utover det som eventuelt er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta i tertialrapporten.

Auka driftsrammer med kr. 10,7 mill. blir tilrådd finansiert ved reduserte rente- og avdragsutgifter og redusert avstning til disposisjonsfond. Reduserte investeringsløyver med kr 200 000.- reduserer bruk av avsejingar tilsvarande.

Sekretariatet er ikkje kjent med at det er feil ved framlagte tertialrapport.

Jane Anita Aspen
daglig leder

	Aukra kommune	Arkivsak: 2016/765-36 Arkiv: 150 Saksbeh: Erna Varhaugvik Dato: 16.08.2017
---	----------------------	---

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
78/17	Formannskapet	25.09.2017
	Kommunestyret	

Budsjettkorrigerings pr. 31.8.17

Rådmannen si tilråding:

1. Endring i driftsrammer og finansiering slik:

	Vedteke Budsjett 2017 med endringar	Budsjett- korrigerig 2 tertial	Ramme etter tilrådd ending
Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner)			
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	19 419	3 573	22 992
10.3 Økonomiavdelinga	5 546	0	5 546
10.4 Organisasjonsavdelinga	3 608	0	3 608
10.7 Barnevern	7 780	0	7 780
10.8 Pedagogisk rådgjevar	7 199	600	7 799
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	27 085	350	27 435
20 Gossen barne og ungdomsskole	33 251	-625	32 626
21 Julsundet skole	15 371	-360	15 011
22 Barnebo barnehage	16 303	0	16 303
23 Bergetippen barnehage	11 033	0	11 033
24 Eining for innvandring og integrering	0	0	0
25 Oppvekst og Kultur	9 853	0	9 853
30 Institusjonstenester	47 278	2 902	50 180
32 Heimetenester	27 422	3 118	30 540
40 Helse	11 681	1 177	12 858
50 NAV	3 360	0	3 360
60 Plan, utvikling og samfunn	3 751	0	3 751
62/65 Teknikk, eigedom og brann	21 840	0	21 840
Totalt fordelt til drift	271 781	10 735	282 516
Redusert rente og avdragsutgifter		-4 779	
Redusert avsetning til disposisjonsfond		-5 956	
89 Frie inntekter, finanstranser, buffer mm	271 781	-10 735	282 516

2. Investeringsbudsjettet vert endra slik:

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 31.08.2017	Budsjett m/ endringar 2017	Opprinneleg budsjett 2017	Tilrådde endra løyver	Budsjett etter korr. av tilrådde endingar
210200	Julsundet skole og fleirbrukshus	46 221	57 000	57 000	17 000	74 000
616101	Torhaugmyra Aust	2 922	24 295	15 000	-15 922	8 373
645201	Sentrumsområde Julsundet avkøyring	-	478	-	-478	-
645207	Utbygging Falkhytten Bergtun Aust	60	3 500	3 500	1 300	4 800
669001	Utleigebustader i Julsundet	334	7 487	6 000	-4 000	3 487
Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)					
648500	Avløp generelle investeringar	489	500	500	200	700
662510	Overvåkingskamera GBU *	146	-	-	200	200
683017	Veglys Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt	244	600	600	600	1 200
	Nytt løyve Fiberutbygging	-	-	-	900	900
	TOTALT	50 416	93 860	82 600	-200	93 660

Ending i tilrådde løyver gjev ein netto reduksjon i bruk av avsetningar med kr. 200.000,-.

Særutskrift: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal revisjon IKS

Bakgrunn:

Kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett § 11 har reglar om ending i årsbudsjett.

I kommunelova § 47 nr. 3 går følgjande fram "Får Kommunestyret melding etter nr. 2 foran, skal det foretas nødvendige endringar i budsjettet"

I forskrift om årsbudsjett går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når ein vurderer det nødvendig. Kommunestyret skal sjølv foreta slike endringar i årsbudsjettet.

Økonomireglementet er utarbeidd med grunnlag i desse reglane og der står følgjande:
"Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendringar ved handsaming av tertialrapporten. Rådmannen legg fram forslag til budsjettendringar frå administrasjonen. Rapporten blir utarbeidd av administrasjonen og lagt fram til politisk handsaming."

Etter politisk ønskje blir sak om tertialrapportering og budsjettkorrigeringar handsama i to saker.

Utgreiing:

Ifølgje kommunelova § 46 nr. 1 går det fram at årsbudsjettet er ei bindande plan for kommunens midlar og bruken av desse. Det vil seie at verken administrasjon eller folkevalte organ kan gjere utbetalingar eller pådra kommunen utgifter som ikkje er innarbeidd i budsjettet. Unntaket for krav om budsjettheimel ved utbetalingstidspunktet, er utbetalingar som kommunen er rettsleg forplikta til å gjere.

Rådmannen har peika på at nye utfordringar i avdelingane/einingane si drift, er venta løyst innanfor ramma som den enkelte har, og det berre i særskilte tilfelle blir tilrådd auke.

Konsekvensar av tidligare politiske vedtak som enno ikkje er arbeidd inn i årets budsjett, vert teke som ein del av budsjettkorrigeringssaka.

Frie inntekter

Rente- og avdragsutgifter

Låneopptak vil bli gjort seinare enn føresettt i årets budsjett. Dette fører til reduserte avdragsutgiftene med kr. 3.279.000,- og renteutgifter med kr. 1.500.000,-.

Rådmannen rår til at reduserte utgifter med kr. 4.779.000,- blir teke inn som budsjettkorrigering.

Til fordeling drift

Lønstillegg etter forhandlingar i 2017.

Etter forhandlingane ved sentralt mellomoppgjøret 2017, vart det den 27. april lagt fram eit tilrådd forhandlingsresultat fra KS og forhandlingssammenslutningane. Forhandlingane vart gjennomført innan ei økonomisk ramme som gjev ein lønnsvekst på 2,4 % – på linje med sammenliknbare tariffområder og i tråd med frontfagsmodellen.

Sentralt mellomoppgjer vart gjeve verknad frå 01.07.2017, og er arbeidd på plass for kommunen sine tilsette.

Grunna tidsnød rekk vi ikkje å berekne samla verknad på den enkelte eining inn i denne saka. Tilrådd korrigering av ramme etter sentralt mellomoppgjer og lokalt oppgjjer som skal gjennomførast i starten av oktober kjem difor i staden opp som eiga sak i slutten av året.

10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga

Aukra kommune vart i tingretten dømd til å betale erstatning og sakskostnadar etter ei mobbesak. I tillegg kjem Aukra kommune sine sakskostnadar. Totalt utgjer dette kr. 3 412 772,-. Dette må kompenseras på ramme for 2017. Slik saka står no, er det ikkje venta utbetaling frå forsikringsselskapet i år. Julegåve tilsette kr. 160 000,-.

Rådmannen rår til at eininga frå ei auke i ramme for 2017 på kr. 3.573.000,-.

10.8 Pedagogisk rådgjevar

Auke i utgifter frå Tøndergård skole grunna nye elevar. Sjå tilsvarande reduksjon i ramme til Julsundet skole i rapportering ved 1. tertial 2017. Auken inneheld auka tilskot Tøndergård og skoleskyss for haust 2017 med til saman kr. 600.000,-

Rådmannen rår til at det blir gjeve ei auke i ramme for 2017 på kr. 600.000,-.

10.9 Næring, revisjon og kykje

Aukra Sokn

Rådmannen viser til eiga sak knytt til Aukra Sokn sin økonomiske situasjon for 2017, og rår til at det for 2017 blir gjeve ei midlertidig auke i soknet sitt tilskot på kr. 350.000,-.

20 Gossen barn og ungdomsskole

Aukra kommune har motteke statlege tilskot til tidleg innsats i skolen. Midlane er i praksis rekna som øyremarka og har difor blitt tilført skolane. Samla tilskot på kr. 1.019.912 til tidleg innsats vert fordelt med kr. 625.000,- til Gossen barne og ungdomsskole (GBU) og kr 260.000,- til Julsundet skole for 2017.

Etter gjennomgang saman med skolane der det vart gjort ei vurdering av dei tiltak som har kome på plass innanfor einingane sine ramme og pågåande kostnadsprosess, er konklusjonen at vi for 2017 kan gjere ytterlegare trekk for skolane. Sett i lys av målet på 8 % og dei midlane til tidleg innsats som no styrkar ramma til skolane, aukar rådmannen trekk for kostnadsreduksjon for 2017 med kr. 625.000,- for Gossen barne og ungdomsskole.

Rådmannen rår til at det blir gjort ein reduksjon i ramma på kr. 625.000,-.

21 Julsundet skole

Aukra kommune har motteke statlege tilskot til tidleg innsats i skolen. Midlane er i praksis rekna som øyremarka og har difor blitt tilført skolane. Samla tilskot på kr. 1.019.912 til tidleg innsats vert fordelt med kr. 625.000,- til Gossen barne og ungdomsskole (GBU) og kr 260.000,- til Julsundet skole for 2017.

Etter gjennomgang saman med skolane der det vart gjort ei vurdering av dei tiltak som har kome på plass innanfor einingane sine ramme og pågåande kostnadsprosess, er konklusjonen at vi for 2017 kan gjere ytterlegare trekk for skolane. Sett i lys av målet på 8 % og dei midlane til tidleg innsats som no styrkar ramma til skolane, aukar rådmannen trekk for kostnadsreduksjon for 2017 med kr. 260.000,- for Julsundet skole.

Det blir vidare i sak om økonomirapportering meldt frå eininga at auka foreldrebetaling og noko reduksjon i forbruk på Skolefritidsordninga vil gje eit redusert behov for ramme med kr. 100.000,-.

Rådmannen rår til at det blir gjort ein reduksjon i ramma på kr. 360.000,-.

30 Institusjonstenester

Auka behov for bemanning - Institusjonstenester har behov for auka rammer på grunn av at planlagt nedtrapping av sjukeheimplassar tek lengre tid enn kva vi såg føre oss. Eininga har drifta med høgare bemanning i 2. tertial, enn det som var planlagt i kostnadsreduksjonsprosessen i 2016. Eininga vurderer at det er naudsynt å oppretthalde bemanninga ut heile 2017, med bakgrunn i bebuarsituasjonen på Aukraheimen. Det betyr ei tidleg vakt og ei seinvakt heile veka ut 2017. Desse kostnadene er berekna til kr. 902.000 ved innleie av ressurs frå vikarbyrå.

Eininga har eit samla overforbruk pr. 31.8 på kr. 2.008.300. Av dette er mellombels auke i arbeidsstyrke (kr. 834.010) grunna enkelte bebuarar med behov for kontinuerleg tilsyn, til dømes fastvakt for alvorleg sjuke og døyande.

Omstillingsprosessen i PLO gjer det vanskeleg for institusjonstenesta å tilsette ressurs i faste stillingar, når bemanninga skal reduserast som ein konsekvens av planlagt nedtrapping av sjukeheimplassar. Eininga har difor valt å nytte vikarar gjennom vikarbyrå i ei overgangsperiode, til organisasjonen har greidd å redusere talet på sjukeheimplassar. Dette er kostnadskrevjande, men samstundes ei dynamisk innretning. Eininga arbeidar aktivt med omlegging og nedtrapping, jamfør målesetningane om reduksjon av sjukeheimplassar. I tillegg har eininga satt som mål å aktivt arbeide for redusert overtidsbruk gjennom betre koordinering av ressursane. Dette styres av vikarkoordinator. Bruken av vikarar frå vikarbyrå skal reduserast til eit absolutt minimum.

Meirforbruk pr 31.8	kr. 2.000.000
<u>Framtidig meirkost i forhold til budsjett (auke bemanning)</u>	<u>kr. 902.000</u>
Prognosane for 2017 viser ei auke i forhold til budsjett med	kr. 2.902.000.

Rådmannen rår til at eininga får ei auke i si ramme på kr. 2.902.000,-.

32 Heimetenesta

Auka behov for bemanning - Heimetenesta har behov for auka budsjett til lønn på grunn av etableringa av midlertidige omsorgsbustadar med heildøgns omsorg. Innføring av desse har utløynt eit større behov for ressursar enn planlagt i kostnadsreduksjonsprosessen gjennomført i 2016, då bebuarane har større tenestebehov enn det som var grunnlag for omlegginga. Utfordringa med å dekke naudsynt bemanning har til no vore løyst gjennom bruk av overtid (kr. 657.062) samt innleie av 2 helsefagarbeidarar frå vikarbyrå frå mars til medio august (kr 1.221.331). Eininga sitt meirforbruk pr 31.08 er kr. 2.642.982.

Eininga har klare målsetjingar om å redusere kostnadane ved drift i 3. tertial, gjennom redusert overtidsbruk og unngå innleie av vikarar frå vikarbyrå. Det er ikkje signert nye avtalar med vikarbyrå etter 31.08.

Med bakgrunn i auka tenestnivået og innføring av omsorgsbustader er det naudsynt å auke bemanninga ut året med 2 ressursar. For 2017 utgjer dette kr. 475.000.

Meirforbruk pr. 31.08	kr. 2.642.982
<u>Framtidig meirkost i forhold til budsjett (auke bemanning)</u>	<u>kr. 475.000</u>
Prognosane for 2017 viser ei auke i forhold til budsjett med	kr. 3.118.000

Rådmannen rår til at eininga får ei auke i si ramme på kr. 3.118.000,-.

40 Helsetenesten

Utgiftene til legevaktssamarbeidet (sjå sak 9/17), siste prognose viser ei auke i kostnadane på 627.000,- . Lønnskostnadane på Dr. Rieber ser ut til å bli høgare enn tidlegare estimert og vil på årsbasis utgjere eit meirforbruk på om lag 550.000,- . Totalt utgjer dette kr 1.177.000,-

Rådmannen rår til at eininga får ei auke i si ramme på kr. 1.177.000,-.

DRIFTSBUDSJETT 2016 - budsjettskjema 1A og B

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017	Budsjett m/ endring 2017	Oppr. Budsjett 2017	Regulert budsjett 2016	Rekneskap 2016
Tala er i heile 1000 kroner						
Skatt på inntekt og formue	-64 099	-65 167	-100 412	-100 412	-99 142	-97 278
Ordinært rammetilskot	-71 506	-71 206	-101 723	-101 723	-96 915	-101 283
Skatt på eigedom	-118 805	-118 805	-237 609	-227 000	-217 840	-217 840
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0	0	0
Andre gen. statlege tilskot	-111	0	0	0	-224	-715
Sum frie disponible inntekter	-254 521	-255 178	-439 744	-429 135	-414 121	-417 115
Renteinntekter og utbytte	-2 583	-2 000	-4 294	-4 294	-2 567	-5 089
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	-800	-1 200	-1 200	-1 200	-1 406
Renteutg., provisj. og andre finansutgifter	4 268	4 428	6 547	8 047	5 887	5 929
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	16 840	16 907	28 705	31 984	28 621	23 954
Netto finansinntekter / - utgifter	18 525	18 535	29 758	34 537	30 741	23 388
Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	0	0	134 577	132 178	149 661	149 661
Til bundne avsetningar	0	0	0	0	0	0
Bruk av tidl.gare års regn.m. mindreforbruk	0	0	0	0	-14 795	-14 795
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	-6 506	0	-2 892	-2 892
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar	0	0	128 071	132 178	131 974	131 974
Overført til investeringsreknesk	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	-235 996	-236 643	-281 916	-262 421	-251 406	-261 753
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	17 052	12 372	22 992	18 365	18 534	19 139
10.3 Økonomiavdelinga	3 351	3 546	5 546	5 499	4 685	4 698
10.4 Organisasjonsavdelinga	2 611	2 523	3 608	4 055	4 305	4 409
10.7 Barnevern	3 452	3 740	7 780	4 038	4 038	4 963
10.8 Pedagogisk rådgjevar	4 521	4 276	7 799	7 186	7 573	6 680
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	14 303	14 086	27 435	26 453	24 568	24 299
20 Gossen barne og ungdomsskole	21 560	21 218	32 626	33 211	33 632	32 742
21 Julsundet skole	9 587	10 326	15 011	15 886	14 795	14 034
22 Barnebo barnehage	10 286	10 248	16 303	16 074	16 687	16 204
23 Bergetippen barnehage	6 388	6 971	11 033	10 993	10 168	10 489
24 Eining for innvandring og integrering	4 547	5 338	0	0	0	0
25 Oppvekst og Kultur	6 751	6 715	9 853	9 667	9 304	9 302
30 Institusjon og buteneste	37 690	35 682	50 180	43 957	45 355	46 634
32 Tenester til heimebuande	19 630	16 987	30 540	27 369	26 189	25 625
40 Helse	8 014	6 329	12 858	10 479	10 610	11 194
50 NAV	3 254	2 370	3 360	3 360	3 461	3 531
60 Plan, utvikling og samfunn	2 687	2 475	3 751	3 587	3 709	3 960
62/65 Teknikk, eigedom og brann	13 862	13 400	21 840	21 772	22 213	24 224
89 Motpost kalk. Renter og avskr.			-5 262	-5 262	-4 900	-4 877
90 Andre tilskot/refusj.og pensjon	12				-3 518	-7 416
Buffer - lønnsvekst			4 661	5 730		
Korr. av føringar både i skjema 1A og 1B						
Sum fordelt til drift	189 557	178 600	281 916	262 421	251 408	249 834
Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-)	-46 440	-58 043	0	0	0	-11 918

INVESTERINGAR

69 Utbyggingsavdelinga

210200 Julsundet skole og fleirbrukshus

Framdrift som planlagt. Periodisering mellom 2017 og 2018 vert korrigert 2.tertial 2017.

616101 Torhaugmyra aust bustadfelt

Utbygging av feltet er i gang, og heile feltet skal etter planen vere ferdig hausten 2018. Nødvendig å korrigere periodisering mellom 2017 og 2018.

645201 Sentrumsområde Julsundet, avkøyring

Ikkje iverksatt grunna manglande tilbakemelding frå Statens Vegvesen. Beløpet for planlegging vert fremma på nytt sist i økonomiplan 2018-2021.

645207 Utbygging Falkhytten Bergtun Aust

"Forsinka oppstart av prosjektering og bygging grunna nødvendige avklaringar med Istad. Gjeld omlegging av høgspenning som går gjennom feltet.

Eigen sak om korrigerings av ramme vert fremja for kommunestyret oktober 2017."

669001 Utleigebustader i Julsundet

"Anbod er innhenta og entreprenør er valt. Etter anbod viser prosjektet behov for auka ramme på om lag 2 millionar. Sak om dette vert fremja og løyve foreslått korrigert i budsjett 2018.

Byggestart i oktober. Dette tilseier at ein del av løyve for 2017 må flyttast til budsjett 2018."

648500 Avløp generelle investeringer

Under arbeid. Ramme vert overskride med 200.000, då det er meir sprengningsarbeid enn pårekna.

Kameraovervåking Gossen BUS

Det har i lang tid vore eit stort problem med barn/ungdom som har klatra opp på taket på skolen.

Pga fare for liv og helse har det blitt installert kameraovervåking.

Prosjektet er delvis ferdig, men det gjenstår å ha opp fleire kamera.

Ferdig prosjektkostnad er berekna til kr. 200.000,-.

Ber om tilleggsøyving på kr. 200.000,-.

Prosjekt 683017 Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt:

Budsjetttramme på 600.000,- kr.

Erfaringsstal frå tidlegare prosjekt viser at utbyggingskostnadane på gateløys ligg på rundt 1,1 mill norske kroner per kilometer. Budsjetttramma for dette prosjektet vil difor halde til ca. halvparten av det planlagde vegstrekket.

For å nå målet med utbygging frå Hjertvikremma til Hjertvikberget bustadfelt må difor budsjetttramma aukast frå 600.000,- til 1.200.000,- kr.

Difor må vi be om ei ekstraløyving på 600.000,- kr.

Prosjekt fiberutbygging (Nytt prosjekt):

Fiber Hjertvikvegen:

Graving av fiberkabel langs Hjertvikvegen frå Hjertvikremma ned til Hjertvikberget bustadfelt. Dette bør utførast samstundes med graving av gateløys langs Hjertvikvegen.

Kostnadar berekna for graving av 1,1 km fiberkabel er berekna til 200.000,- kr.

Fiber Buktavegen:

Graving av fiberkabel langs Buktavegen frå krysset mot Nautneskrysset til siste hus langs Buktavegen, Buktavegen 69. Dette bør utførast samstundes med graving av gateløys langs

Buktavegen.

Kostnadar berekna for graving av 2,0 km fiberkabel er berekna til 400.000,- kr.

Fiber Aukravegen:

Graving av fiberkabel langs Aukravegen frå gamle kommunehuset til Falkhytten-Sør bustadfelt.

Dette bør utførast samstundes med graving av gateløys og vassledning langs Aukravegen.

Kostnadar berekna for graving av fiber berekna til 300.000,- kr.

Difor må vi be om ei ekstraløyving på 900.000,- kr.

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 31.08.2017	Opprinneleg budsjett 2017	Budsjett m/ endringar 2017	K-vedtak før		Tilrådde endra løyver	Budsjett etter korr. av tilrådde endringar	Vedteken kostnads- ramme
					1. tertial (inkl. rebuksj.sak)	Budsjett m/ endr før 1. tertia			
201000	Riksford skole - utgreiing og hovudutbygging	108	-	107	107	107		107	
210200	Julsundet skole og fleirbrukshus	46 221	57 000	57 000			17 000	74 000	126 000
257000	Kulturhus og basseng	672	700	1 111	411	411		1 111	
303201	Tilrettelegg bustad Bergtun	164	1 600	1 680	80	80		1 680	
309200	Aukra omsorgssenter	70 862	130 000	130 000				130 000	252 500
313000	Omsorgsbaser i Julsundet	187	2 500	3 000	500	500		3 000	
616101	Torhaugmyra Aust	2 922	15 000	24 295	9 295	9 295	-15 922	8 373	26 700
620100	Energisentral, trinn 2	7 467	-	9 832	9 832	9 832		9 832	15 200
625001	Tiltak i kommunehuset	-	300	300				300	
645201	Sentrumsområde Julsundet avkøyring	-	-	478	478	478	-478	-	
645206	Utbygging Falkhytten sentrum vest	433	600	600				600	
645207	Utbygging Falkhytten Bergtun Aust	60	3 500	3 500			1 300	4 800	
648117	Hovudvassledning Flatvoll-Hukkelberg	111	3 300	3 300				3 300	
669001	Utleigebustader i Julsundet	334	6 000	7 487	1 487	1 487	-4 000	3 487	
	TOTALT	129 481	220 500	242 690	22 190	22 190	-2 100	240 590	

Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)	Rekneskap pr 31.08.2017	Opprinneleg budsjett 2017	Budsjett m/ endringar 2017	K-vedtak før		Tilrådde endra løyver	Budsjett etter korr. av tilrådde endringar	Vedteken kostnads- ramme
					1. tertial (inkl. rebuksj.sak)	Budsjett m/ endr før 1. tertia			
101001	Oppgradering TRIO telefonsentral	46	-	255	255	255		255	
104002	Investeringar i RORikt	862	895	895				895	
210300	Utviding av parkering	-	-	49	49	49		49	
220019	Uteområde Furutun	-	-	100	100	100		100	
250101	Bevaring og formidling av krigens kulturminner	97	170	170				170	
255000	Kommunal eigenandel spelemidler	-	300	300				300	
293000	Turstar - Helseløype	-	-	835	835	835		835	
300014	Innkjøp velferdsteknologi	-	750	750				750	
302001	Utskifting av utslitt utstyr	-	220	220				220	
320000	Bilar heimetenesta	399	400	400				400	
320001	IKT velferdsteknologi heimetenesta	-	900	900				900	
320003	Utstyr til avdeling heildøgns omsorg	23	265	265				265	
320004	Tryggleiksalarmar	-	500	500				500	
601100	Breiband	339	-	308	308	308		308	
620013	Utbetring av grøfter	406	600	600				600	
622000	Trolldalsvatn etappe 2	44	-	-				-	
624005	Renovering omsorgsbustad	184	500	500				500	
625002	Ventilasjonsanlegg kommunehuset	104	223	223				223	
625010	Kyststi	1 030	-	-				-	
627108	Traktor	966	-	1 025	1 025	1 025		1 025	
645501	Opparbeiding industriområde Nyland Aust	3	-	176	176	176		176	
648000	Distribusjon vann - nødvendig nyanlegg	662	760	760				760	
648500	Avløp generelle investeringar	489	500	500			200	700	
651001	Vassledning Hollingsholm - Julsundet sentrum (til Hollinge)	2 199	-	1 754	1 754	1 754		1 754	
662510	Overvåkingskamera GBU *	146	-	-			200	200	
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	430	-	-				-	
669004	Utbetring av veggskade på Furutun	16	-	1 700	1 700	1 700		1 700	
669009	Leiligheter Nautnesvegen 96	26	-	570	570	570		570	
683015	Veglys gml. kommunehus til sentrum	-	810	810				810	
683016	Veglys Buktaevegen	345	2 000	2 000				2 000	
683017	Veglys Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt	244	600	600			600	1 200	
684000	Busstopper	-	700	700				700	
xxxxxx	Fiberutbygging	-	-	-			900	900	
	TOTALT	9 060	11 093	17 865	6 772	6 772	1 900	19 765	-

INVESTERING 2017 – BUDSJETTSKJEMA 2A OG 2B

Tala er i heile 1000 kr	Rekneskap	Budsjett (korr)	Budsjett (oppr)	Budsjett etter korr. av tilrådte endringar	Budsjett (korr)	Rekneskap
	31.08.2017	2017	2017	2017	2016	2016
Investeringar i anleggsmidlar						
10 Sentrale styringsorgan	908	1 150	895	1 150	1 595	1 315
20 Gossen barne- og ungdomsskole	108	107	-	107	657	550
21 Julsundet skole	46 265	57 049	57 000	74 049	14 589	16 116
22 Barnebo barnehage	16	1 800	-	1 800	2 018	137
23 Bergetippen barnehage					63	0
24 Innvandring og Integrering						
25 Kultur	1 755	2 416	1 170	2 416	1 800	314
30 Institusjon og buteneste	71 510	143 402	141 335	139 402	21 800	20 170
32 Tenester til heimebuande	399	1 800	1 800	1 800	850	380
40 Helse	-	-	-	-	-	0
50 NAV	-	-	-	-	-	0
60 Plan, utvikling og samfunn	-	-	-	-	470	568
62/65 Teknikk, eigedom og brann	17 580	52 831	29 393	39 631	43 896	26 112
Sum anleggsmidlar	138 543	260 555	231 593	260 355	87 738	65 662
Kjøp av aksjer og andeler	-	-	-	-	710	924
Utlån og forskotteringar	-	-	-	-	1 000	1 740
Avdrag på lån	1 248	-	-	-	535	2 487
Avsetningar	-	-	-	-	-	662
Årets finansieringsbehov	139 792	260 555	231 593	260 355	89 983	71 475
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar		113 475	101 000	113 475	70 297	59 265
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	637	4 787	-	4 787	315	-208
Tilskot til investeringa		2 253	2 253	2 253	-	-
Mva-kompensasjon	25 624	50 307	46 179	50 307	16 857	8 752
Mottekne avdrag på utlån og refusj.	619	535	535	535	1 435	1 417
Andre inntekter	492	-	-	-	-	616
Sum ekstern finansiering	27 372	171 357	149 967	171 357	88 904	69 842
Overført frå drift	-	-	-	-	-	-
Bruk av avsetningar	-	89 198	81 626	88 998	1 081	1 632
Sum finansiering	27 372	260 555	231 593	260 355	89 985	71 474
Udekket/udisponert	112 420	0	0	0	-	-

Administrative konsekvensar:


Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Auka driftsrammer med kr. 10,7 mill. blir finansiert gjennom årets reduksjon i rente- og avdragsutgifter og redusert avsetning til disposisjonsfond. Reduserte investeringsløyver med kr. 200.000,- reduserer bruk av avsetningar tilsvarande.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Erna Varhaugvik
Økonomisjef

	Aukra kommune	Arkivsak: 2017/33-17
		Arkiv: 153
		Saksbeh: Erna Varhaugvik
		Dato: 16.08.2017

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
79/17	Formannskapet	25.09.2017
	Kommunestyret	

Økonomirapportering pr. 31.08.17

Rådmannen si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Særutskrift: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal revisjon IKS

Bakgrunn:

Kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett § 10 har reglar for budsjettstyring.

I § 47 nr. 2 går det fram at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få betydning for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen gje melding til kommunestyret.

I forskrifta sin § 10 går følgjande fram " Administrasjonssjefen skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret foreslås nødvendige tiltak".

Aukra kommune sitt Økonomireglement er utarbeidd med grunnlag i desse reglane, og der står *følgjande* " *Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendringar ved handsaming av tertialrapporten. Rådmannen legg fram forslag til budsjettendringar frå administrasjonen. Rapporten blir utarbeidd av administrasjonen og lagt fram til politisk handsaming.*"

Utgreiing:

Denne saka rapporterer økonomistatus pr. 31. august 2017, og i tråd med lov og forskrift er det berre vesentlege avvik som blir meldt. Driftsbudsjettet er periodisert, det vil seie at det er fordelt ut over året i samsvar med venta tidspunkt for når utgifter og inntekter blir bokført. Avvik i høve til periodisert budsjett treng difor ikkje å bety avvik ved årsslutt.

Frie disponible inntekter

Rammetilskot

Kommunen sitt rammetilskot pr. 31.08. er på kr. 71,5 mill. som er 0,3 mill. høgare enn budsjett.

I Stortinget sitt vedtak av 15. desember 2016, vart det gjort endring på rammetilskotet til kommunane i forhold til forslag til statsbudsjett slik:

- Redusert innbyggjartilskot pga. øyremerking av midlar til tidlig innsats i grunnskolen med kr. 128.000,-
- Redusert innbyggjartilskot som følgje av redusert etterspurnad etter barnehage grunna auka kontantstøtte med kr. 52.000,-
- Redusert innbyggjartilskot pga endring i skatteopplegg med kr. 124.000,-

I revidert nasjonalbudsjett i 2017 vart det vedteke endringar som påverka kommunane sitt innbyggjartilskot:

- Auka innbyggjartilskot pga. at øyremerka tilskot til fleire barnehagelærarar vert overført til rammetilskotet med kr. 115.000,-
- Auka innbyggjartilskot pga. endra inntektsgrensa til kr. 450.000,- for gratis kjernetid i barnehagane med kr. 4.000,-
- Auka innbyggjartilskot pga. vedteke endringar i skatte- og avgiftsreglane (mellom anna lette for privat pensjonssparing og auka minstefrådrag for pensjon) fører til reduserte kommunale skatteinntekter, med kr. 90.000,-

Endringane omtalt ovanfor gjev ei samla auke i kommunen sitt rammetilskot for 2017 på kr. 513.000,-. Vedtekne korrigeringar i desember 2016 kjem til reduksjon frå 1 utbetaling medan endringane i revidert budsjett får verknad frå og med terming 7 av utbetalingane.

I motteke rammetilskot pr. 31.8. er inntektsutjamning til og med mai teke omsyn til med eit tillegg på kr. 0,56 mill.

Rammetilskot for 2017 er budsjettert med kr. 101,7 mill., etter å ha teke omsyn til tillagt inntektsutjamning med kr. 365.000,-. Inntektsutjamninga er fastsett ut frå forventing om kommunen sin skatteinngang i forhold til landsgjennomsnittet, og kommunen sitt delansvar for finansieringa av tilleggskompensasjon til kommunar med særleg låg skatteinngang (under 90% av landsgjennomsnittet).

Pr. august er det i kommunen sitt rammetilskot teke omsyn til inntektsutjamning ut frå skatteinngangen pr. utgangen av mai månad, som då var på 96 % av landsgjennomsnittet. I oversikt over skatteinngang pr. utgangen av august ser vi at denne har endra seg til 98,5% av landsgjennomsnittet. Isolert sett vil auka skatteinngang difor gje ein reduksjon i inntektsutjamninga utover i året. Storleiken på kommunen sitt delansvar for finansieringa av tilleggskompensasjon til kommunar med særleg låg skatteinngang (under 90% av landsgjennomsnittet) vil ikkje være kjent før året er omme.

Samla sett vil endringane ut frå dei opplysningane ein no er kjent med ikkje føre til vesentlege avvik i det som er fastsett for 2017. Rådmannen rår difor til at det ikkje blir gjort endringar i føresetnadane som er lagt inn i kommunen si budsjettbalanse.

Skatt på inntekt og formue

Skatteinntangen pr. 31.08. svarar til 98,36 % av budsjettert inntekt for perioda, og gjev ei redusert inntekt på kr. 1,1 mill. i forhold til budsjett.

I budsjett 2017 har vi lagt til grunn at kommunen vil få ein vekst i skatteinntangen frå 2016 lik landet. Veksten i skatteinntangen har i 2017 vore ulik for Aukra kommune og for landet og desse varierer difor i forhold til dei føresetnader som vi har lagt til grunn for vår berekning av årets inntekt. Veksten har vore noko lågare for kommunen enn landet elles. Pr. august har det for landsgjennomsnittet for er skattenivået i forhold til landsgjennomsnittet på 98,5 %.

Prognose for endeleg storleik på skatt på inntekt og formue er enno svært usikker, men ein ventar ikkje vesentlege større avvik enn allereie kjent i forhold til budsjettert nivå. Rådmannen vil difor rå til at det ikkje blir gjort ei budsjettkorrigering knytt til dette.

Finans- inntekter og utgifter

Rente- og avdragsutgifter

Vedteke låneopptak med kr. 100 mill. var planlagt gjennomført tidlig på året. Dette er no utsett og ein vil soleis få reduserte rente- og avdragsutgifter i 2017. Dette vil redusere avdragsutgiftene med kr. 3.279.000,- og renteutgifter med kr. 1.500.000,-.

Rådmannen rår difor til at reduserte utgifter blir teke inn i budsjettkorrigeringssaka.

DRIFTSBUDSJETT 2017 - budsjettskjema 1A og B

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017	Budsjett m/ endring 2017	Rekneskap 2016
Tala er i heile 1000 kroner				
Skatt på inntekt og formue	-64 099	-65 167	-100 412	-97 278
Ordinært rammetilskot	-71 506	-71 206	-101 723	-101 283
Skatt på eigedom	-118 805	-118 805	-237 609	-217 840
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
Andre gen. statlege tilskot	-111	0	0	-715
Sum frie disponible inntekter	-254 521	-255 178	-439 744	-417 115
Renteinntekter og utbytte	-2 583	-2 000	-4 294	-5 089
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	-800	-1 200	-1 406
Renteutg., provisj. og andre finansutgifter	4 268	4 428	8 047	5 929
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	16 840	16 907	31 984	23 954
Netto finansinntekter / - utgifter	18 525	18 535	34 537	23 388
Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	0	0	134 577	149 661
Til bundne avsetningar	0	0	0	0
Bruk av tidligare års regn.m. mindreforbruk	0	0	0	-14 795
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	-550	-2 892
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	0
Netto avsetningar	0	0	134 027	131 974
Overført til investeringsreknesk	0	0	0	0
Til fordeling drift	-235 996	-236 643	-271 181	-261 753
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	17 052	12 372	19 419	19 139
10.3 Økonomiavdelinga	3 351	3 546	5 546	4 698
10.4 Organisasjonsavdelinga	2 611	2 523	3 608	4 409
10.7 Barnevern	3 452	3 740	7 780	4 963
10.8 Pedagogisk rådgjevar	4 521	4 276	7 199	6 680
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	14 303	14 086	27 085	24 299
20 Gossen barne og ungdomsskole	21 560	21 218	33 251	32 742
21 Julsundet skole	9 587	10 326	15 371	14 034
22 Barnebo barnehage	10 286	10 248	16 303	16 204
23 Bergetippen barnehage	6 388	6 971	11 033	10 489
24 Eining for innvandring og integrering	4 547	5 338	0	0
25 Oppvekst og Kultur	6 751	6 715	9 853	9 302
30 Institusjon og buteneste	37 690	35 682	47 278	46 634
32 Tenester til heimebuande	19 630	16 987	27 422	25 625
40 Helse	8 014	6 329	11 681	11 194
50 NAV	3 254	2 370	3 360	3 531
60 Plan, utvikling og samfunn	2 687	2 475	3 751	3 960
62/65 Teknikk, eigedom og brann	13 862	13 400	21 840	24 224
89 Motpost kalk. renter og avskr.			-5 262	-4 877
90 Andre tilskot/refusj.og pensjon	12			-7 416
Buffer - lønnsvekst			4 661	
Korr. av føringar både i skjema 1A og 1B				
Sum fordelt til drift	189 557	178 600	271 181	249 834
Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-)	-46 440	-58 043	0	-11 918

Drift

	Rekneskåp pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner)								
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	17 052	12 372	4 680	231	771	19 419	3 573	22 991
10.3 Økonomiavdelinga	3 351	3 546	-195	0	0	5 546	0	5 546
10.4 Organisasjonsavdelinga	2 611	2 523	88	0	-535	3 608	0	3 608
10.7 Barnevern	3 452	3 740	-288	3 742	3 742	7 780	0	7 780
10.8 Pedagogisk rådgjevar	4 521	4 276	245	0	0	7 199	600	7 799
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	14 303	14 086	217	0	632	27 085	0	27 085
20 Gossen barne og ungdomsskole	21 560	21 218	342	0	0	33 251	0	33 251
21 Julsundet skole	9 587	10 326	-739	-555	-555	15 371	-100	15 271
22 Barnebo barnehage	10 286	10 248	37	189	189	16 303	0	16 303
23 Bergetippen barnehage	6 388	6 971	-582	0	0	11 033	0	11 033
24 Eining for innvandring og integrering	4 547	5 338	-791	0	0	0	0	0
25 Oppvekst og Kultur	6 751	6 715	36	76	76	9 853	0	9 853
30 Institusjonstenester	37 690	35 682	2 008	3 300	3 300	47 278	2 902	50 181
32 Helmetenester	19 630	16 987	2 643	400	0	27 422	3 118	30 540
40 Helse	8 014	6 329	1 684	740	1 140	11 681	1 177	12 858
50 NAV	3 254	2 370	884	0	0	3 360	0	3 360
60 Plan, utvikling og samfunn	2 687	2 475	213	0	0	3 751	0	3 751
62/65 Teknikk, eigedom og brann	13 862	13 400	463	0	0	21 840	0	21 840
TOTALT	189 545	178 600	10 945	8 123	8 760	271 781	11 270	283 051

Rapporterte prognoser for 2017 pr. 31.8.17 frå den enkelte eining/avdeling viser eit samla meirforbruk på kr. 11,3 mill. som er meldt ikkje kan dekkast gjennom tiltak på den enkelte eining. Meldte endringar er difor innmeldt og tilrådd korrigerert i einingane sine rammes i sak om budsjettkorrigerings. Årsaka til nye prognosar er gjort greie for på den enkelte eining/avdeling nedanfor.

Utover meldte endringar i prognoser blir det og arbeidd inn endringar på ramma til skolane knytt til motteke statleg tilskot til tidleg innsats i skolen. Desse tiltaka kunne gjennomførast innanfor den enkelte eining si ramme. Ved inntektsføring av tilskotet direkte inn på eininga var det difor rett å redusere ramma tilsvarende. Dette er ikkje teke inn som endra prognose på einingane, men er spesielt omtala på den enkelte eining i sak om budsjettkorrigerings.

Ut frå sette prognoser og reduksjon for motteke statlege tilskot vil samla auke i midlar fordelt til drift i 2017 være kr. 19,5 mill., tilsvarende 7,4 % av opprinneleg vedteke budsjett. Dette er ei vesentleg auke i kommunen sitt utgiftsnivå, som ein i år dekkjer opp ved redusert rente- og avdragsutgifter, auke i eigedomsskatt og redusert avsetning til disposisjonsfond. Rådmannen legg til grunn at dette er ei midlertidig auke for å avhjelpe ekstraordinær situasjon i 2017. Det blir difor arbeidd for at dette ikkje skal gå inn som ei varig auke av kommunen sitt utgiftsnivå. Dersom dette ikkje er mogeleg vil det få konsekvensar for planlagt avsetning til fond.

Ny prognose på netto driftsresultat etter at ein tek omsyn til forholda ovanfor er ein reduksjon frå kr. 132 mill til 128 mill.

Rapportering frå einingane/avdelingane:

Einingane er pr. 31. august bedt om å rapportere tilbake på desse punkta:

1. Forklar meir-/mindreforbruk i forhold til periodisert budsjett på rapporteringstidspunktet
2. Forklar venta meir-/mindreforbruk i forhold til årsbudsjett med endringar pr. 31.12. (lik beløp sett inn i kollonna endra prognose)
3. Dersom meldt årsprognose viser meirforbruk: gjer greie for kva tiltak som er sett i verk for at dette skal avvike minst mogeleg frå vedteken ramme.
4. Meldt mindreforbruk i årsprognosen må gjerast greie for, varige avvik må meldast som budsjettkorrigerings.

10.1 Rådmannen, politisk leing og serviceavdelinga

	Rekneskåp pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga	17 052	12 372	4 680	231	771	19 419	3 573	22 991

1. Området har eit meirforbruk på kr. 4,68 mill. kroner. Dette skuldast at Aukra kommune vart dømd til å betale erstatning og sakskostnadar etter ei mobbesak. I tillegg kjem kommunen sine eigne sakskostnadar. Dette utgjer til saman ca. 3,4 mill. kroner. Dette vert meldt som budsjettkorrigerings sak. Utgifter knytt til Kjerringsundet vert dekt ved bruk av fond for fastlandsløysing, jf. K-sak 41/17.

2. Det er ikkje forventa eit meir- eller mindreforbruk i 2017.

10.3 Økonomiavdelinga

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
10.3 Økonomiavdelinga	3 351	3 546	-195	0	0	5 546	0	5 546

1. Eininga har i 2017 fått styrka ramme for å dekke utgifter til konsulent og juridisk bistand knytt til arbeidet med nytaksring på eigedomsskattekontoret.

Det har vore utgifter til taksring, men faktura er enno ikkje motteke. So langt har det ikkje vore juridiske utgifter, men klage er motteke slik at ein tek høgde for at utgifter kan kome i løpet av siste del av året. Vidare har stort sjukefråvær på eininga, utan at det har vore mogeleg å hente inn vikarressursar for heile perioda, ført til noko mindreforbruk.

2. Ein ventar ikkje avvik i forhold til budsjett pr. 31.12.2017.

10.4 Organisasjonsavdeling

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
10.4 Organisasjonsavdelinga	2 611	2 523	88	0	-535	3 608	0	3 608

1. Det er eit meirforbruk på kr 88 000 samla for eininga. Meirforbruket er fordelt på alle ansvara og vil utjamne seg i siste tertial.

2. Det er forventa at avdelinga går i balanse pr 31.12.

10.7 Barnevern

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
10.7 Barnevern	3 452	3 740	-288	3 742	3 742	7 780	0	7 780

1. Barneverntenesten har pr. 30.8 eit mindreforbruk på kr. 288.000, etter at ansvaret vart tilført kr. 3.742.000 i budsjettkorrigerings pr. 30.4. Fakturering frå vertskommunen Molde er noko på etterskot, og forklarar mindreforbruket.

2. Det er ikkje venta meir-/mindreforbruk i forhold til årsbudsjett.

10.8 Pedagogisk rådgjevar

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
10.8 Pedagogisk rådgjevar	4 521	4 276	245	0	0	7 199	600	7 799

1. Årsaka til meirforbruket etter 2 tertial er at faktura for gjestebarn i Aukra kommune ikkje var ferdig berekna ved rapporteringstidspunkt. Ufakturert beløp tilsvare omtrent overforbruket i perioden.

2. Det er venta meirforbruk på kr 600 000 i høve til budsjett ved slutten på regnskapsåret. Meirforbruket skuldast auka bruk av Tøndergård skole hausten 2017 meldt i budsjettkorrigerings sak pr. 30.04.-17 kor Julsundet skole fekk ei nedjustering av ramme knytt til same forhold.

3. Det er ikkje mogleg å sette inn tiltak for å dekke meirforbruket på vedteken ramme.

10.9 Næring, revisjon, kyrkje

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigering 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
10.9 Næring, revisjon, kyrkje	14 303	14 086	217	0	632	27 085	0	27 085

1. Avvik pr. 31.8.17 er eit midlertidig avvik som skuldast endra faktureringstidspunkt.

2. Det er ikkje venta meir-/mindreforbruk i forhold til årsbudsjett ut frå dagens kjente forhold. Dersom det politisk blir vedteke auka tilskot til Aukra Sokn, lagt fram i eiga sak, vil dette føre til eit behov for auka ramme med kr. 350.000,-

20 Gossen barne- og ungdomsskole

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigering 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
20 Gossen barne og ungdomsskole	21 560	21 218	342	0	0	33 251	0	33 251

1. Gossen barne- og ungdomsskole har eit overforbruk på grunnskoledrifta på kr 450 430,- på 2.tertial. Orsaka er at vi ikkje har fått inn dei inntektene vi skal ha frå Innvandring og integrering. Når det gjeld mindreforbruket på SFO på kr 108 298,- så har vi ikkje ei rett periodisering av budsjettet når det gjeld dei nye vedtektene frå 1.8.17 og at det er færre elevar som har SFO-tilbod frå august dette skoleåret. Eininga er kjent med at det blir ein reduksjon i ramma knytt til mottak av statlege tilskot for tidleg innsats for 1 - 4 årssteg men melder likevett at eininga går i balanse ved årsslutt.

2. Slik vi ser det no, vil Gossen barne- og ungdomsskole gå i balanse i forhold til årsbudsjett.

21 Julsundet skole

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigering 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
21 Julsundet skole	9 587	10 326	-739	-555	-555	15 371	-100	15 271

1. SFO: Overskotet på om lag 200 000 kr kjem av auka foreldrebetaling og noko reduksjon i forbruk. Skole: Vi har eit mindreforbruk på vel kr 500000 som delvis skuldast statleg overføring til tidleg innsats 1 – 4 årstrinn. Eininga er kjent med at det blir ei reduksjon i ramma knytt til mottak av statlege tilskot, men melder likevett at eininga får eit mindreforbruk ved årsslutt.

Resten av mindreforbruket på ca 150000 kr skriv seg frå auka inntekter frå andre kommunar, utbetalte sjukepengar og noko mindre bruk til løn for lærarar.

2. Venta meir/ mindreforbruk:

Vi ventar at SFO kan gå med eit mindreforbruk på om lag 100000 kr. I skolen kan vi vente at mindreforbruket vert om lag 200000 kr.

3. Overforbruk er ikkje venta.

22 Barnebo barnehage

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigering 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
22 Barnebo barnehage	10 286	10 248	37	189	189	16 303	0	16 303

1. Eininga har ikkje vesentleg avvik pr. 31.8.

2. Eininga forventar ikkje avvik ved årsskiftet.

23 Bergetippen barnehage

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
23 Bergetippen barnehage	6 388	6 971	-582	0	0	11 033	0	11 033

1. Bergetippen barnehage har ved rapportering på 2.tertial eit mindreforbruk på kr. 562.000. Dette skuldast i hovudsak meir i refusjonar enn det er budsjettert for. I tillegg er det ein del meir i brukarbetaling enn budsjettert, grunna utvida drift første halvåret i 2017.

2. Det er ikkje venta ekstra store utgifter resten av budsjettåret. Ekstra inntekter frå refusjonar vil ikkje bli tilsvarande høgt resten av året. Det er behov for styrka bemanning på ei av avdelingane i barnehagen, så deler av mindreforbruket vert nytta til å dekke lønsutgifter i ei 40 % stilling ut budsjettåret. Det meldes ikkje avvik i forhold til vedteke budsjett.

24 Eining for innvandring og integrering

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
24 Eining for innvandring og integrering	4 547	5 338	-791	0	0	0	0	0

1. Eininga har ikkje motteke krav om overføring frå andre einingar i organisasjonen, noko som gjer at utgiftssida er noko usikker.

2. Det er budsjettert med like store utgifter som inntekter i eininga. Det er søkt tilskot på nye tiltak som er satt i gang, men det er usikkert om vi får innvilga alle desse søknadene. Dersom det fører til meir eller mindreforbruk vil det bli utjamna med bruk eller overføring til fond.

3. Dersom eininga har eit meirforbruk vil dette ble dekkja inn ved bruk av fond.

25 Kultur

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
25 Oppvekst og Kultur	6 751	6 715	36	76	76	9 853	0	9 853

1. Rapportering for 2. tertial viser at Kultur har eit overforbruk på kr. 36.003,-. Bruk av fondsmidlar, samt utbetaling av tilskot vert gjort før årsslutt slik at eininga totalt sett skal gå i balanse.

Ansvarsområde med overforbruk på drift arbeider for å redusere dette før utgangen av året.

2. Det er ikkje forventta mindre eller meirforbruk pr. 31.12.17.

30 Institusjonstenester

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
30 Institusjonstenester	37 690	35 682	2 008	3 300	3 300	47 278	2 902	50 181

1. Eininga har eit samla overforbruk på kr. 2.008.300. Avviket skuldast i hovudsak at planlagt nedtrapping av sjukeheimsplassar tek lengre tid enn forutsett. Eininga må oppretthalde høgare naudsynt bemanning enn planlagt i kostnadsreduksjonsprosessen i 2016, med ei tidlegvakt og ei seinvakt heile veka.

Utfordring i forhold til sjukefråvær i Aukraheimen samt utfordringar knytt til rekruttering av helsepersonell i korte vikariat, har medført naudsynt bruk av vikarbyrå (kr. 1.225.430) og overtid (kr. 1.077.821).

Eininga har og hatt periodevis auka arbeidsstyrke grunna enkelte bebuarar med behov for kontinuerleg tilsyn, til dømes fastvakt for alvorleg sjuke og døyande. Ekstrakostnad kr. 834.010.

2. Ny prognose for 2017 må sjåast i samanheng med faktisk behov for sjukeheimsplassar i kommunen. Nedtrapping tar lengre tid enn planlagt og eininga si vurdering er at det er naudsynt å oppretthalde ekstra bemanninga med ei tidleg vakt og ei seinvakt heile veka ut 2017. Dette er bemanning ut over det som er planlagt i kostnadsreduksjonsprosessen i 2016 og i budsjettet for 2017. Å tilsette helsefagleg personell for ein kort periode viser seg vanskeleg, difor må eininga

planlegge med innleie frå vikarbyrå, sidan nedtrappinga hindrar fast tilsetningar. Desse kostnadane er estimert til kr. 902.000.

3. Eininga vil arbeide aktivt med omlegging og nedtrapping, jamfør målsetningane om reduksjon av sjukeheimplassar. I tillegg har eininga satt som mål å aktivt arbeide for redusert overtidsbruk gjennom betre koordinering av ressursane. Dette styres av vikarkoordinator. Bruken av vikarar frå vikarbyrå skal reduserast til eit absolutt minimum.

32 Tenester til heimebuande

Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner)	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
32 Heimetenester	19 630	16 987	2 643	400	0	27 422	3 118	30 540

1. Årsaka til det høge meirforbruket er i hovudsak oppstart av midlertidige omsorgsbustadar med heildøgns omsorg. Det er behov for auke i tenestenivå i denne omleggingsfasen og etablering av dette nivået i omsorgstrappa. Det har ført til bruk av overtid (kr 657.062) som skuldast mangel på kvalifisert personell. Det har vore bruk av 2 helsefagarbeidarar frå vikarbyrå frå mars til medio august (kr 1.221.331). Mangel på sjukepleiardekning i ferieavviklinga har påverka overtidsbruk i tillegg til auka tenestenivå til mange av brukarane. Bebuarar på nivået (jf omsorgstrappa) omsorgsbustadar med heildøgns omsorg har høgt tenestenivå som eskalerer resursar.

2. Ny prognose for 2017 må sjåast i samanheng med venta auke i det totale tenestenivået. Innføring av omsorgsbustad med heildøgnsomsorg har utløyst meir behov for ressursar enn planlagt i kostnadsreduksjonsprosessen som vart gjennomført i 2016. Bebuarane har større tenestebehov enn det som var grunnlaget for omlegginga.

Med bakgrunn i auka tenestenivå og innføring av omsorgsbustader er det naudsynt å auke bemanninga ut året med 2 stillingsressursar. For 3 tertial utgjir dette kr. 475.000. Total endra prognose er då kr 3.118.000,-

3. Det er vanskeleg å sjå omfanget av eininga si tenesteyting i framtida, sidan søknadar på teneste kjem direkte frå dei som bur i kommunen. Hjelpetiltak for kjente og nye brukarar kan raskt bli endra i tråd med lovkrav til tenester.

Eininga har teke i bruk 6 rom til midlertidige omsorgsbustadar med heildøgnsomsorg som er sett i verk i 2. tertial. I løpet av september er totalt 8 rom på Aukraheimen etablert som midlertidige omsorgsbustadar med heildøgns omsorg.

Eininga har utarbeidd klare mål for å redusere kostnadane for 3.tertial gjennom god planlegging av ressursane. Det skal ikkje nyttast innleie av vikarar frå vikarbyrå, og bemanning av vakter skal skje utan å ty til bruk av ressursar med overtidsbetaling.

40 Helse

Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner)	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerings 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
40 Helse	8 014	6 329	1 684	740	1 140	11 681	1 177	12 858

1. Årsaka til meirforbrukt er manglande inntekt på Dr. Rieber og refusjonar for fysioterapeut på totalt kr 870.000,-, det vil bli etterfakturert. Utgiftene til legevakt blei høgare enn tidlegare berekna, meirforbruk hittil er kr 330.000,-. I tillegg blei lønnsutgiftene på Dr Rieber høgare enn berekna etter 1 tertial.

2. Utgiftene til legevaktssamarbeidet (sjå sak 9/17), siste prognose viser ei auke i kostnadane på 627.000,-. Lønnskostnadane på Dr. Rieber ser ut til å bli høgare enn tidlegare estimert og vil på årsbasis utgjere eit meirforbruk på om lag 550.000,-. Totalt kr 1.177.000,-

3. Eininga ser ikkje at det er mogeleg å gjere tiltak for å redusere auke i drifta. Eininga har god kontroll på kostnadssida.

50 NAV

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
50 NAV	3 254	2 370	884	0	0	3 360	0	3 360

1. Eininga har i rapporten eit registrert overforbruk på Introduksjonsordninga med kr 625 830,-. Det skuldast at det ikkje har vore sendt refusjonskrav til Eining for Innvandring og Integrering. Utover dette er det ikkje avvik i eininga.

2. Områda «hjelp til livsopphald» og «Sosiale lån» har eit forventta overforbruk.

3. Eininga ser at det er fleire innbyggjarar som slit med økonomien og tar kontakt med NAV for seint. Økonomisk rådgiving/rettleiing vert tilbydd for dei som har behov. Det er pr. i dag venteliste på 6 månader for å kunne få dette tilbodet. Vi må vurdere tiltak internt i eininga som kan gje brukarane eit betre tilbod innan økonomisk rettleiing.

60 Plan, utvikling og samfunn

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
60 Plan, utvikling og samfunn	2 687	2 475	213	0	0	3 751	0	3 751

1. Rekneskapen viser ei midlertidig underdekning av inntekter på sjølvkostområdet.

2. Det blir rekna med balanse mellom utgifter og budsjett ved årsskiftet."

62 Teknikk, eigedom og brann

	Rekneskap pr 31.08.2017	Per. Budsj. 2017 pr 31.08.2017.	Avvik pr 31.08.17	Prognose endring meld 30.04.	Budsjett- korrigerig 1 tertial	Budsjett med endringer	Prognose endring meldt 31.08.	Ny budsjett prognose 2017
62/65 Teknikk, eigedom og brann	13 862	13 400	463	0	0	21 840		21 840

1. Årsaka til overforbruket er at 3 kommunale bygg har hatt taklekkasje som har blitt utbetra i 2 tertial som strakstiltak for totalt kr 888.000,-. Andre større utgifter er naturskade veglys (lynnedslag) 189.000.

2. Meirforbruk straum blir berekna til kr 210.000, blant anna i forbindelse med nye gatelys og tidligare tomme bygg som er tatt i bruk.

Anbod snøbrøyting for vinteren 2017/2018 forventta å auke, med ca. 80.000 kr i år. Når ein legg innkomne tilbod dei fire siste år som grunnlag. Eininga vil ha eit kostnadfokus på drift og utsetje eventuelt mindre prosjekt, mellom anna mindre kantslått vil gje ei innsparing på kr 100.000. Ny energisentral til Gossen barne og ungdomskule vil gi reduserte straumkostnader. Eininga arbeider for å gå i budsjettbalanse ved årsslutt.

Investeringar

Tiltak nr.	Store tiltak (i 1000 kr)	Meir-/				Endring prognose	Prognose 31.12.2017	Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnadsramme
		Rekneskap pr 31.08.2017	Opprinneleg budsjett 2017	Budsjett m/ endring 2017	mindreforbr. Pr 31.08.2017				
201000	Riksfjord skole - utgreiing og hovudutbygging	108	-	107	1		107	296 226	
210200	Julsundet skole og fleirbrukshus	46 265	57 000	57 000	-10 735	17 000	74 000	26 267	
257000	Kulturhus og basseng	628	700	1 111	-483		1 111	1 604	
303201	Tilrettelagt bustad Bergtun	104	1 600	1 680	-1 576		1 680	20	
309200	Aukra omsorgssenter	70 862	130 000	130 000	-59 138		130 000	21 750	
313000	Omsorgsbase i Julsundet	187	2 500	3 000	-2 813		3 000	1 557	
616101	Torhaugmyra Aust	2 922	15 000	24 295	-21 373	-15 922	8 373	2 727	
620100	Energisentral, trinn 2	7 467	-	9 832	-2 365		9 832	5 472	
625001	Tiltak i kommunehuset	-	300	300	-300		300	-	
645201	Sentrumsområde Julsundet avkøyring	-	-	478	-478	-478	-	-	
645206	Utbygging Falkhytten sentrum vest	433	600	600	-167		600	-	
645207	Utbygging Falkhytten Bergtun Aust	60	3 500	3 500	-3 440	1 300	4 800	-	
648117	Hovudvassleiing Flatvoll-Hukkeberg	111	3 300	3 300	-3 189		3 300	-	
669001	Utlegebustader i Julsundet	334	6 000	7 487	-7 153	-4 000	3 487	1 512	
	TOTALT	129 481	220 500	242 690	-113 209	-2 100	240 590	357 135	612 400

Tiltak nr.	Små tiltak (i 1000 kr)	Meir-/				Endring prognose	Prognose 31.12.2017	Rekneskap tidlegare år	Vedteken kostnadsramme
		Rekneskap pr 31.08.2017	Opprinneleg budsjett 2017	Budsjett m/ endring 2017	mindreforbr. Pr 31.08.2017				
101001	Oppgradering TRIO telefonsentral	46	0	255	-209		255	244	
104002	Investeringar i RORIKT	862	895	895	-33		895	2 498	
210300	Utviding av parkering	0	0	49	-49		49	686	
220019	Uteområde Furutun	0	0	100	-100		100	0	
250101	Bevaring og formidling av krigens kulturminner	97	170	170	-73		170	61	
255000	Kommunal eigenandel spelemidler	0	300	300	-300		300	596	
293000	Turstiar - Helseløype	0	0	835	-835		835	2 968	
300014	Innkjøp velferdsteknologi	0	750	750	-750		750	0	
302001	Utskifting av utsl/ct utstyr	0	220	220	-220		220	0	
320000	Bilar heimetenesta	399	400	400	-1		400	380	
320001	IKT velferdsteknologi heimetenesta	0	900	900	-900		900	0	
320003	Utsyr til avdeling heildøgns omsorg	23	265	265	-242		265	0	
320004	Tryggleiksalarmar	0	500	500	-500		500	0	
601100	Breiband	339	0	308	31		308	13 385	
620013	Utbetring av grøfter	406	600	600	-194		600	0	
622000	Trollfalsvatn etappe 2	44	0	0	44		-	821	
624005	Renovering omsorgsbustad	184	500	500	-316		500	0	
625002	Ventilasjonsanlegg kommunehuset	104	223	223	-119		223	0	
625010	Kyststi	1030	0	0	1 030		-	0	
627108	Traktor	966	0	1025	-59		1 025	0	
645501	Opparbeiding industriområde Nyland Aust	3	0	178	-175		176	321	
648000	Distribusjon vann - nødvendig nyanlegg	662	760	760	-98		760	2 822	
648500	Avlop generelle investeringar	489	500	500	-11	200	700	2 863	
651001	Vassleiing Hollingsholm - Julsundet sentrum (til Hollingen-krysset)	2 199	0	1 754	445		1 754	4 769	
662510	Overvåkingskamera GBU	146	0	0	146	200	200	0	
669000	Administrasjon utbyggingsavdeling	430	0	0	430		-	0	
669004	Utbetring av veggskaide på Furutun	16	0	1 700	-1 684		1 700	0	
669009	Lelligheter Nautnesvegen 96	26	0	570	-544		570	55	
683015	Veglys gml. kommunehus til sentrum	0	810	810	-810		810	0	
683016	Veglys Buktavegen	345	2 000	2 000	-1 655		2 000	14	
683017	Veglys Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt	244	600	600	-356	600	1 200	0	
684000	Busslommer	0	700	700	-700		700	817	
xxxxxx	Fiberutbygging					900	900		
	TOTALT	9 060	11 093	17 865	-8 805	1 900	19 765	33 299	-

Ein ventar ikkje avvik i forhold til framdrift og/eller økonomisk ramme, utover det som eventuelt er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta av utbyggingsavdelinga og einingsleiarane slik:

Store tiltak

210200 Julsundet skole og fleirbrukshus

Framdrift som planlagt. Periodisering mellom 2017 og 2018 vert korrigert 2.tertial 2017.

257000 Kulturhus og basseng

Det vert arbeidd med driftsplan for bygget, arbeidet med konkurransegrunnlaget for pris- og designkonkurranse med samspill er starta opp. Framdrift som planlagt.

303201 Tilrettelagt bustad Bergtun

Nødvendig avklaringar hos brukarar og tilsette har ført til at konkurransegrunnlaget ikkje er ferdigstilt pr. 1.september. Kontrakt er planlagt signert i løpet av november. Bygget er planlagt ferdigstilt i siste halvdel av 2018.

309200 Aukra omsorgssenter

Prosjektet held planlagt framdrift. Politisk sak som gjeld vedtak av ramme vert fremja for kommunestyret i oktober 2017.

313000 Julsundet omsorgsbase, planlegging

Bygget med kontor/sambruksrom skal stå ferdig hausten 2018. Entreprenør og arkitekt er valt og bygging vil starte i løpet av oktober.

616101 Torhaugmyra aust bustadfelt

Utbygging av feltet er i gang, og heile feltet skal etter planen vere ferdig hausten 2018. Nødvendig å korrigere periodisering mellom 2017 og 2018.

620100 Energisentral, trinn 2

Byggeprosjektet er ferdig og overteke for prøvedrift. Venter på slutfaktura.

625001 Tiltak kommunehuset

"Prosjektet gjeld tiltak i kommunehuset som også var meldt inn i fjord-årets budsjett, Ombygging av kjeller og resepsjon, samt kjøp av låsesystem som vart meldt inn då, vert ikkje sett på som nødvendig foreløpig. Tiltaket her gjeld ombygging av kommunestyresalen i samband med etablering av ny infrastruktur og nødvendig bygging av nytt golv i samband med dette. Prosjektet vert starta opp med løyvinga i 2017, og foreslått ferdigstilt i 2018."

645201 Sentrumsområde Julsundet, avkøyring

Ikkje iverksatt grunna manglande tilbakemelding frå Statens Vegvesen. Beløpet for planlegging vert fremma på nytt sist i økonomiplan 2018-2021.

645206 Tiltak Falkhytten vest

Tilrettelegging av infrastruktur i området kring Aukra omsorgssenter. Asfaltering av gangvegen er gjennomført. Reasfaltering av stikkveg og etablering av veglys aust for omsorgssentertomta står igjen.

645207 Utbygging Falkhytten Bergtun Aust

Forsinka oppstart av prosjektering og bygging grunna nødvendige avklaringar med Istad. Gjeld omlegging av høgspent som går gjennom feltet. Eigen sak om korrigering av ramme vert fremja for kommunestyret oktober 2017.

648117 Hovudvassleidning Flatvoll - Hukkelberg

Bygging vert starta opp i haust. Det vart lyst ut anbod på prosjektering saman med prosjekt 645207 Bergtun Aust.

669001 Utleigebustader i Julsundet

Anbod er innhenta og entreprenør er valt. Etter anbod viser prosjektet behov for auka ramme på om lag 2 millionar. Sak om dette vert fremja og løyve foreslått korrigert i budsjett 2018. Byggestart i oktober. Dette tilseier at ein del av løyve for 2017 må flyttast til budsjett 2018.

Små tiltak**101001 Oppgradering TRIO telefonsentral**

Prosjekt oppgradering av telefoniløysing vart vedteke hausten 2016. På slutten av året fekk Aukra kommune ei ny telefonløysing, men løysing for beredskap vart utsett til 2017. Dette prosjektet er ikkje starta då vi ventar på at ROR IKT skal setje i gang eit felles telefoniprojekt for alle medlemskommunane. Aukra kommune har ikkje informasjon om når kommunen kan vente å få ei beredskapsløysing på telefoni.

210300 Utviding av parkering

Leige av grunn til midlertidig parkering og tilbakeføring etter at skolen er ferdig utbygd.

250101 Bevaring og formidling av krigens kulturminner

Vi er i gang med gjennomføring av tiltak i samsvar med handlingsdelen av Kulturminneplan når det gjeld bevaring og formidling av krigsminne. Det er ikkje forventa mindre/overforbruk når året er omme.

255000 Kommunal eigendel for spelemiddelsøknader

Ikkje forventa meir-/mindreforbruk

293000 Turstiar – Helseløype

Del ein av kyststien vart rimelegare å opparbeide enn avsette budsjettmidlar. Det er eit stort ønske å fortsetje på del 2, men vil vere avhengig av at det føreligg avtalar med grunneigarar. Prosjektrekneskapet er ikkje ferdigstilt med alle utgifter, slik at tilskot frå spelemidlane enno ikkje er utbetalt. Det er forventa eit mindreforbruk på om lag kr. 300.000,-.

620013 Utbetring av grøfter

Under arbeid. Gjennomført innanfor ramme, alle kostnader er enda ikkje fakturert.

645501 Opparbeiding industriområde Nyland Aust

Fysisk tilrettelegging for eventuelle nye leigetakarar

648500 Avløp generelle investeringer

Under arbeid. Auke ramme med 200.000, då det er meir sprengningsarbeid enn pårekna

651001 Vassleidning Hollingsholm - Julsundet sentrum (til Hollingen-krysset)

Prosjektet er ferdig. Sluttrapportering vert fremja innan eit år.

662510 Overvåkingskamera GBU

Det har i lang tid vore eit stort problem med barn/ungdom som har klatra opp på taket på skolen. Pga fare for liv og helse har det blitt installert kameraovervåking. Prosjektet er delvis ferdig, men det gjenstår å ha opp fleire kamera.

683015 Veglys gml. kommunehus til sentrum

Vert bygd samtidig med vassleidning Flatvoll - Hukkelberg.

683016 Veglys Buktavegen

Forventa meirforbruk på 372.650 kr. Skuldast i hovudsak store mengder sprenging og utgifter ved arkeologiske undersøkingar.

683017 Veglys Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt

Prosjektet er sett i gang og er forventa avslutta før årsslutt. Hittil fakturert 234.198,-. Forventar meirforbruk ved prosjektets slutt.

684000 Busstur

2 busstur vil bli kjøpt inn. Dette er i forhold til reguleringsplan og krav frå vegmyndighetene

INVESTERINGSBUDSJETT 2017 - budsjettskjema 2A og B

Tala er i heile 1000 kr	Rekneskap	Budsjett (korr)	Budsjett (oppr)	Budsjett (korr)	Rekneskap
Investeringar i anleggsmidlar	31.08.2017	2017	2017	2016	2016
10 Sentrale styringsorgan	908	1 150	895	1 595	1 315
20 Gossen barne- og ungdomsskole	108	107	-	657	550
21 Julsundet skole	46 265	57 049	57 000	14 589	16 116
22 Barnebo barnehage	16	1 800	-	2 018	137
23 Bergetippen barnehage				63	0
25 Kultur	1 755	2 416	1 170	1 800	314
30 Institusjonstenester	71 510	143 402	141 335	21 800	20 170
32 Heimetenester	399	1 800	1 800	850	380
40 Helse	-	-	-	-	0
50 NAV	-	-	-	-	0
60 Plan, utvikling og samfunn	-	-	-	470	568
62/65 Teknikk, eigedom og brann	17 580	52 831	29 393	43 896	26 112
Sum anleggsmidlar	138 543	260 555	231 593	87 738	65 663
Kjøp av aksjer og andeler	-	-	-	710	924
Utlån og forskotteringar	-	-	-	1 000	1 740
Avdrag på lån	1 248	-	-	535	2 487
Avsetningar	-	-	-	-	662
Årets finansieringsbehov	139 792	260 555	231 593	89 983	71 476
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidlar		113 475	101 000	70 297	59 265
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	637	4 787	-	315	-208
Tilskot til investeringa		2 253	2 253	-	-
Mva-kompensasjon	25 624	50 307	46 179	16 857	8 752
Mottekne avdrag på utlån og refusj.	619	535	535	1 435	1 417
Andre inntekter	492	-	-	-	616
Sum ekstern finansiering	27 372	171 357	149 967	88 904	69 843
Overført frå drift	-	-	-	-	-
Bruk av avsetningar	-	89 198	81 626	1 081	1 632
Sum finansiering	27 372	260 555	231 593	89 985	71 475
Udekket/udisponert	112 420	0	0	-	-

Administrative konsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Sjå sak om budsjettkorrigering pr. 31.8.2017

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Erna Varhaugvik
Økonomisjef



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/04
Arkiv: 150
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 19.9.2017

Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 28/17	Kontrollutvalet	27.9.2017
	Formannskap	
	Kommunestyret	

BUDSJETTFORSLAG FOR 2018 FOR KONTROLL OG TILSYN

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2018 med ei ramme på kr 563 500.-, inkludert kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet, vert vedteke.

Det vert teke atterhald om justering av beløp til kjøp av revisjonstenester.

Bakgrunn for saka

Med heimel i § 18 i Forskrift for kontrollutval, skal utvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettamme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapet si budsjettinnstilling til kommunestyret. Budsjettforslaget frå kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret, men formannskapet kan, i sitt samla budsjett, føreslå eit anna beløp enn det kontrollutvalet tilrår.

Budsjettforslaget skal synleggjere kontrollutvalet sine eigne kostnader og kostnader knytt til revisjon og sekretariatstenester.

Aukra kommune kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hos *Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal*. Dette er i samsvar med avtalen om interkommunalt samarbeid.

Aukra kommune har fram til no hatt revisjonstenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 i Møre og Romsdal (KR2). Aukra kommune har gjort vedtak om å gå inn som eigar i *Møre og Romsdal Revisjon IKS*. Det nye selskapet vart etablert frå 1.2.2017.

Når det gjeld kontrollutvalet si eiga verksemd så kan ein ikkje for alle beløpa ta utgangspunkt som går fram av rekneskapsutskrift pr. sept 2017, då desse er kontert på feil funksjon av administrasjonen. Dette vil bli retta opp i årsrekneskapen opplyser Søreide.

I budsjettframlegget er det lagt opp til at kontrollutvalet avviklar inntil 5 møter i året.

Budsjettforslaget kan spesifiserast som følgjer:

Konto	Tekst	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap Pr. sept 2017
1080	Godtgjørsle folkevalte	38 000	37 700	
1080	Tapt arbeidsforteneste	20 000	3 000	11 599
1099	Arbeidsgivaravgift	8 250	5 900	1 640
1100	Faglitteratur, aviser	2 000	2 000	2 000
1115	Beverting	2 000	2 000	1 100
1150	Opplæring og kursutgifter	35 000	35 000	18 216
1160	Bilgodtgjersle + diett (oppg.pl.)	2 500	2 000	1 500
1170	Utgiftsdekning reise	11 000	11 000	8 505
1195	Kontingenter	3 500	1 400	*1 400
	Sum kontrollutvalet si eigen verksemd	122 250	100 000	
1475	Kjøp tenester Revisjons M&R revisjon IKS	330 000	351 000	
1475	Kjøp tenester KU-sekretariatet	111 250	119 000	118 750
	Sum kontrollutval, sekretariat og revisjon	563 500	570 000	

Vedlagt følger:

- Kostnadsfordeling sekretariatstenester for 2018
- Spesifikasjon av driftstilskudd for 2018 pr. kommune/fylkeskommunen til Møre og Romsdal Revisjon IKS
- Økonomirapport pr. 19.09.17

VURDERING

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalet si eiga verksemd, sekretærbistand og revisjon kjem fram.

Kontrollutvalet må ha høve og midlar til å skaffe seg kunnskap og delta i erfaringsutveksling og samlingar saman med andre kontrollutval. I kommunal- og regionaldepartementets 85 anbefalingar for styrkt eigenkontroll i kommunane er det peika på opplæring av kontrollutval som eit viktig område.

Kommentarar til nokre av budsjettpostane:

1080 Tapt arbeidsgodtgjersle- Det har tidligare år ikkje vore rekneskapsført utgifter til tapt arbeidsgodtgjersle. Det var difor uvisst kva beløp ein skulle budsjettere med på denne posten for 2017. Rekneskapsrapporten viser at det so langt er rekneskapsført 11 599, med to møter att i 2017. Det vert difor budsjettert med 20 000,- i 2018.

1100 Faglitteratur – Kontrollutvalet sine medlemmer får medlemsbladet til Norges kommunerevisorforbund (NKRF). Dette har mange fagartiklar som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalet. Bladet kostar 400,- pr. medlem.

1150 Opplæring og kursavgift – Det er budsjettert med at to utvalsmedlemmar kan delta på kontrollutvalskonferansen til NKRF og på FKT (Forum for kontroll og tilsyn) sitt Årsmøte med fagkonferanse.

1195 Kontingenter - Dette er medlemskap i FKT. Størrelsen på kontingenten vert bestemt ut frå kommunen sitt innbyggjartal. Aukra kommune betalar lågaste sats 3500,-. Kontingenten aukar frå 1400,- i 2017 grunna auka medlemsretta aktivitetar og etablering av eige sekretariat for FKT.

1375 – Kjøp fra IKS – Representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS skal behandle budsjettet for 2018 i møte 3. oktober. Budsjettet er godkjent av styret i MRR IKS. Frå fjerde kvartal 2018 skal revisjonen fakturere etter medgått tid. Det er difor stipulert et beløp for

fjerde kvartal 2018, som er det same som for dei tre første kvartala. Samla er budsjett for 2018 det same som budsjett for 2017, då for 11. mnd. Då budsjettet til Møre og Romsdal Revisjon IKS ikkje var vedtatt når Budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2017 vart lagt fram hausten 2016, stemmer ikkje talet i kolonna for 2017 med det som vart vedtatt budsjett. 1350 – Kjøp av teneste KU-sekretariatet - Styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal handsama i møte 4.9.2017 budsjetttramma for sekretariatet for 2018. Beløpet for kjøp av sekretariatstenester for 2018 er etter Aukra kommune sin del av sekretariatet sitt budsjett. Aukra kommune sin del er på 5 prosent av budsjettet. Kommunane sin del av budsjett for 2018 er noko lågare enn for 2017, då det er budsjettert med bruk av disposisjonsfond.

Kontrollutvalgssekretariatet ser det som viktig at kostnader til kontroll og tilsyn vert synleggjort i kommunen sitt rekneskap. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som her er gjort og rår til at utvalet tilrår kommunestyret om å vedta kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for 2017 med ei netto ramme på kr 563 500.- som inkl. kjøp av revisjonstenester og sekretariatstenester for kontrollutvalet. Saka vert lagt fram med ovannemnte forslag til vedtak.

Jane Anita Aspen
daglig leder

KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL

KOSTNADSFORDELING 2018 OG 2017

Kommune	Folketall 01.01.17	Fordeling %	Budsjett 2018	Folketall 01.01.16	Fordeling %	Budsjett 2017
Aukra	3 547	5,0	111 250	3 518	5,0	118 750
Eide	3 454	5,0	111 250	3 467	5,0	118 750
Fræna	9 741	14,0	311 500	9 717	14,0	332 500
Gjemnes	2 611	4,0	89 000	2 593	4,0	95 000
Molde	26 822	38,0	845 500	26 732	38,0	902 500
Nesset	2 963	4,0	89 000	2 970	4,0	95 000
Rauma	7 503	11,0	244 750	7 492	11,0	261 250
Sunnadal	7 126	10,0	222 500	7 160	10,0	237 500
Vestnes	6 577	9,0	200 250	6 611	9,0	213 750
Sum	70 344	100,0	2 225 000	70 260	100,0	2 375 000
Sum inntekter			2 225 000			2 375 000

**Spesifikasjon av driftstilskudd for 2018 pr
kommune/fylkeskommunen**

Driftstilskudd pr kommune*	1.-3. kvartal	Estimat 4. kvartal	Sum	
	2018	2018	2018	2017
Møre og Romsdal Fylkeskommune	3 375	1 125	4 500	4 500
Molde	1 392	464	1 856	1 856
Vestnes	413	138	550	550
Rauma	455	152	607	607
Neset	227	76	303	303
Aukra	248	83	330	330
Fræna	571	190	761	761
Eide	252	84	336	336
Gjemnes	206	69	274	274
Sunndal	441	147	588	588
Kristiansund	1 910	637	2 547	2 547
Averøy	520	173	693	693
Tingvoll	369	123	492	492
Surnadal	611	204	814	814
Rindal	297	99	396	396
Halsa	251	84	335	335
Smøla	323	108	430	430
Aure	419	140	559	559
SUM	12 278	4 093	16 371	16 371

*: for 3 kvartaler. 4. kvartal blir fakturert i henhold til medgått tid. Estimat: tilsv. tidligere fast fakturering.



1 Aukra kommune (2017) - År/Periode 2017 1 - 12

	Regnskap 2017	Buds(end) 2017	19.09.2017 Avvik(per.) 0
Ansvar: 1001 Kontrollutvalet			
Funksjon: 100 Politisk styring			
10510 Trekk og avg.pliktig km-godtgjering	30	0	0
10802 Tapt arbeidsgodtgjersle	11.599	0	12
10990 Arbeidsgjevaravgift	1.640	0	2
11005 Faglitteratur, aviser	2.000	0	2
11151 Mat/bevertning tilsette/politikarar/gjestar	240	0	0
11500 Opplæring, kurs	18.216	0	18
11600 Kostodtgjering	1.065	0	1
11601 Bilgodtgjering, oppgavepliktig	420	0	0
11702 Ikkje innberetningspliktige reiseutgifter	8.505	0	9
14290 Mva. generell kompensasjonsordning	1.087	0	1
17290 Kompensasjon for merverdiavgift	-1.087	0	-1
Sum funksjon: 100 Politisk styring	43.715	0	44
Funksjon: 110 Kontroll og revisjon			
10800 Godtgjering folkevalde	0	37.700	-38
10802 Tapt arbeidsgodtgjersle	0	3.000	-3
10990 Arbeidsgjevaravgift	0	5.316	-5
11005 Faglitteratur, aviser	0	2.000	-2
11151 Mat/bevertning tilsette/politikarar/gjestar	896	2.000	-1
11500 Opplæring, kurs	0	35.000	-35
11601 Bilgodtgjering, oppgavepliktig	0	2.000	-2
11702 Ikkje innberetningspliktige reiseutgifter	0	11.000	-11
11950 Avgifter, gebyrer, lisenser	13.800	1.400	12
13500 Til andre kommunar/kommunale inst.	118.750	119.000	-0
14290 Mva. generell kompensasjonsordning	3.100	0	3
17290 Kompensasjon for merverdiavgift	-3.100	0	-3
Sum funksjon: 110 Kontroll og revisjon	133.446	218.416	-85
Sum ansvar: 1001 Kontrollutvalet	177.161	218.416	-41
T O T A L T	177.161	218.416	-41



⊞ Budsjettoppfølgning

Lagrede utvalg <Standard systemverdier>

Selskap: 1 ▾ Aukra kommune

Region: 0 ▾

År/Periode: 2017 ▾ 1 ▾ 12 ▾ Ta med IB

Sortering/Gruppering: Kolonneinnhold

Musje:innråde ▾

Kolonne	1	2	3
Innhold	Regnskap ▾	Budsjett ▾	Avvik ▾
År	2017 ▾	2017 ▾	0000 ▾



AUKRA KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/04
Arkiv: 146
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 19.9.2017

Saksframlegg

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
PS 29/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

PLAN FOR KONTROLLUTVALET SI VERKSEMD 2017-2019

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet godkjenner Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, med dei endringar som kom fram i møte.

Bakgrunn for saka

I tillegg til kommunelova og forskrift om kontrollutval, har utvala fleire dokument som dannar rammeverk for kontrollutvalet si verksemd;

- Reglement for kontrollutvalet, som vert revidert av avtroppande kontrollutval
- Engasjementsavtale mellom kontrollutvalet og Kommunerevisjonsdistrikt 2, som skal erstattast av ein ny avtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS
- Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, som vert vedtatt innan eit år etter start av valperiode
- Plan for selskapskontroll 2016-2019, som vert vedtatt innan eit år etter start av valperiode
- Årsmelding, blir sendt til kommunestyre
- Verksemdsrapport, som vert lagt fram av avtroppande kontrollutval

Sekretariatet vurderer at det kan være behov for å lage en plan for kontrollutvalet si verksemd, og som kan konkretiserast i ein årleg tiltaksplan.

Vedlegg:

- Utkast til Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019

VURDERING

I dag utarbeider kontrollutvalet ein verksemdsrapport ved avslutning av valperioden, som vert lagt fram for kommunestyret. Det vert altså rapportert, men det manglar ein plan å rapportere frå. Sekretariatet ser det som tenleg at det for kvar valperiode vert laga ein Plan for kontrollutvalet si verksemd. Det er naturleg at denne vert laga av det nye kontrollutvalet, i løpet av første år etter nytt val. For framtida bør planen bli sendt til kommunestyret for godkjenning, slik det vert gjort med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. På denne måten kan kommunestyret også involverast i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Sidan vi no er langt ut i valperioden, vert det rådd til at denne planen vert godkjent av kontrollutvalet, utan å sendes vidare til kommunestyret.

Sidan planen vil vere gjeldande for ein valperiode, så kan den ikkje vere konkret på tiltak og aktivitetar, då desse vil ha ein kortare planleggingshorisont. Ein veit ikkje kva


forvaltningsrevisjonsprosjekt eller kontrolltiltak som skal gjennomførast 2-3 år fram i tid. Det vil difor vere behov for å ha ein årleg tiltaksplan, som gjerne kan justerast i løpet av året. Her vil det komme frem kva kontrollutvalet vil fokusere på dette året f.eks.; bestilte forvaltningsrevisjonar, oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt, orienteringar frå administrasjonen, verksemdsbesøk osv.

Til ein viss grad fungerer i dag Møteplan, som vert vedteken i første kontrollutvalsmøte kvart år som ein kortversjon av en tiltaksplan. Men sekretariatet vurderer at det er behov for å vidareutvikle denne noko.

Sekretariatet legger her frem eitt utkast til Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Det vert rådd til at denne planen blir gjeldande for resten av valperioden. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtar Tiltaksplan for 2018 i siste kontrollutvalsmøte i 2017.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**Plan for kontrollutvalet si verksemd
2017-2019**



Aukra kommune

Vedtatt av Aukra kontrollutval xx.09.2017 i k-sak xx/17



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

1. INNLEDNING

Etter lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 er Aukra kommune pålagt å ha eit kontrollutval. Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, utføre det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning.

Utvalet si uavhengige stilling i forhold til andre folkevalde organ og administrasjonen, er ivaretatt gjennom strenge krav til kven som kan veljast til utvalet.

Kommunestyret har vedtatt eit eige reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune. Første paragraf i reglementet seier:

§ 1. Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet er kommunestyrets eige kontroll- og tilsynsorgan. Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Aukra kommune, og at kommunen leverer sine tenester effektivt og målretta i medhald av lov, forskrifter, statlige føringar og kommunestyrets intensjonar og vedtak.

Kontrollutvalet sitt reglement ligg på www.kontrollutvalgromsdal.no, sist revidert i kommunestyret **17.9.2015 i k-sak 75/15**.

Kontrollutvalet sine oppgåver er knytte både til tilsyn med den kommunale forvaltninga og til tilsyn med revisjonen sitt arbeid.

Forskrift om kontrollutvalg har regulere kontrollutvalet sin oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon (kap. 4), forvaltningsrevisjon (kap. 5) og selskapskontroll (kap. 6). I tillegg er kontrollutvalet gitt oppgåver i samband med val av revisor (§ 16), tilsetjing, suspensjon og avskjed av revisor (§ 17) og budsjett for heile kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen (§ 18). Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit eige kompetent sekretariat (§ 20).

Kontrollutvalet vil i tillegg til Plan for verksemda ha ein eigen Tiltaksplan for kvart år, med meir spesifisering av planlagte tiltak og oppgåver. Denne blir oppdatert fortløpande og vil vere tilgjengelig på www.kontrollutvalgromsdal.no

2. UTVALET SI SAMAENSETJNING

Funksjon	Namn	Parti	Varamedlemmer	Nr	Namn	Parti
Leder	Oddvar Hoksnes*	Krf		1	Jørgen Svenheim	Sp
Nestleder	Ole Rakvåg*	H		2	Oddmund A. Varhaugvik	Krf
Medlem	Wilhelm Andersen	Ap		3	Øyvind Solem	Ap
Medlem	Oddbjørg Sporsheim	V				
Medlem	Håkon Inge Sporsheim	Frp				

*medlem av kommunestyret.



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

3. MØTEPLAN

- Møteplan vert lagt i første kontrollutvalsmøte i kvart kalenderår
- Kontrollutvalet sine møter skal holdast for opne dører på lik linje som andre kommunale utval.
- Kontrollutvalet sine møter vert haldt på dagtid.
- Kontrollutvalet i Aukra skal halde minst 5 møter kvart kalenderår.
- Ved behov kan kontrollutvalet gjere endringar i møteplanen. Ein oppdatert møteplan ligg til ei kvar tid tilgjengeleg på www.kontrollutvalgromsdal.no

4. KONTROLLUTVALGET SINE HOVEDOPPGAVER

4.1. TILSYN MED FORVALTNINGA

Det generelle tilsynet med forvaltninga vert gjennomført med følgjande tiltak:


- Orientering frå rådmannen knytt til saker på kontrollutvalet si oppfølgingsliste.
- Kontrollutvalet får framlagt tertialrapportane for Aukra kommune
- Oppfølging av politiske vedtak
- Kopiar av rapportar frå andre tilsynsorgan og kommunen sitt svar/oppfølging.
- Innkallingar/protokollar frå kommunestyret og øvrige politisk utval ligger tilgjengelig på kommunen si heimeside
- Kontrollutvalet har fordelt merksemd på dei ulike områda slik:
Saker frå formannskapet -
Saker frå drift- og arealutvalet-
Saker frå livsløpsutvalet
Saker knytt til andre utval -
- Kontrollutvalet kan be om informasjon om ulike områder/temaer eller frå ulike einingar. Den overordna analysen som er utarbeidd som grunnlag for forvaltningsrevisjon skal vere eit godt hjelpemiddel for kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga, ved å etterspørje informasjon frå einingar og områder som ikkje blir prioritert i forhold til forvaltningsrevisjon.
- Verksemdsbesøk/alternativt orientering frå en einingsleiar

4.2. OPPGÅVER KNYTTET TIL REKNESKAPSREVISJON

- Ved handsaming av kommunen sine rekneskap, vil kontrollutvalet gje ein uttale, som vert stila til kommunestyret. Formannskapet får kopi av uttalen, slik at den følgjer innstillinga til kommunestyret.
- Alle nummererte brev eller andre typar revisjonsmerknader, som revisjonen ønskjer at kontrollutvalet skal følgje opp, vert handsama fortløpande. Nummererte brev som ikkje blir godt nok følgt opp, vert sendt kommunestyret til vidare handsaming.
- Revisjonen sitt årsavslutningsbrev vert følgt opp av revisjonen, med orientering til kontrollutvalet.

4.3. OPPGÅVER KNYTT TIL FORVALTNINGSREVISJON

Overordna analyse -Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2019 vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.9.2016, sak 22/16 og endeleg vedteke av kommune-styret i møte 11.10.2016 i K sak 77/16, med følgjande tema:



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

- Plan- og styringssystemet herunder
 - helhetlig planlegging og oppfølging
 - kvalitetssystem, internkontroll, avvikshåndtering
- Offentlige anskaffelser
- Etikk og åpenhetskultur (oppfølging av etiske retningslinjer)
- Barn og unge herunder
 - barnehageområdet
- Helse, omsorg og velferdstjeneste herunder
 - psykisk helse og rus
 - boligsosialt arbeid

Revisjonen skriv vidare at følgjande tema også kan være aktuell for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

- Omstillingsprosesser og prosjektstyring
- Brukermedvirkning
- Kompetanse og rekruttering herunder oppfølging av rekrutterings- og kompetanseplan innen områdene barnehage, helse, pleie og omsorg

Det er kommunestyret som vedtar planen.

Alle forvaltningsrevisjonsrapporter blir følgt opp av kontrollutvalet i ettertid. Det vil seie informasjon om korleis rapporten sine tilrådingar blir følgt opp av administrasjonen.

4.4. OPPGÅVER KNYTT TIL SELSKAPSKONTROLL

Overordna analyse - Plan for selskapskontroll 2016 – 2019 vart handsama av kontrollutvalet i møte 15.09.2016, sak 23/16 og endeleg vedteke av Aukra kommunestyre 11.10.2016 i K sak 76/16, med følgjande tema:


Aktuelle tema for eierskapskontroll i perioden 2016 til 2019 er:

- Har kommunen etablert tydelige føringer for eierskap (selskap)?
- Har kommunen etablert hensiktsmessige regler og rutiner for eierskapsoppfølgingen?
- Forvaltes kommunens eierskap i tråd med de etablerte regler og rutiner?
- Utøver eierorganet sin myndighet i tråd med lover og regler?
- Driver selskapet i tråd med kommunestyrets vedtak og intensjoner?
- I tillegg vil det være aktuelt å vurdere statusen i forhold til KS Eierforum sine anbefalinger.

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon som del av eierskapskontroll i perioden 2016 til 2019:

- Etterlevelse av saksbehandlingsregler i forvaltningsloven
- Etterlevelse av regelverket for offentlige anskaffelser

Det vil også være særlig aktuelt å gjennomføre selskapskontroll i selskap som forvalter mye av fellesskapets midler. Selskapskontroll kan også vurderes i selskap som er viktig i forhold til tjenesteleveranse. Selskapskontroll bør først vurderes i selskaper som er heleid av kommunen eller der kommunen er majoritetseier. Selskapskontroll i andre selskaper bør avklares med de andre eierkommunene/ eierne. Aukra kommune er ikke majoritetseier i aksjeselskap. Det kan også være aktuelt å gjennomføre selskapskontroller i IKS som eies sammen med andre kommuner. Selskapskontroll i slike selskaper bør avklares med de andre eierkommunene/ eierne.



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Det er kommunestyret som vedtar planen.

4.5. OPPGÅVER KNYTT TIL BUDSJETTBEHANDLINGEN

- Kontrollutvalet handamar forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Aukra kommune i første møte kvar haust. I forslaget ligg ramme for kontrollutvalet si verksemd, revisjonen si verksemd og sekretariatet si verksemd.
- Kontrollutvalet sitt forslag skal følgje budsjettsaka frå formannskapet til kommunestyret, og det er berre kommunestyret som kan korrigere kontrollutvalet sitt forslag til budsjett.
- Budsjettet skal vedtakast av kommunestyret

4.6. OPPGÅVER KNYTT TIL TILSYN MED REVISJONSORDNINGEN

- Revisjonen rapporterer om si verksemd gjennom revisjonen sin «åpenhetsrapport», gjennom oppdragsavtale og engasjementsbrev og elles ved behov.
- Oppdragsansvarleg revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon skal legge fram sin vurdering av uavhengighet
- I første møtet kvar haust orienterer revisjonen om revisjonsstrategien for revisjonsåret. Revisjonen sin plan for Aukra kommune er til ei kvar tid tilgjengeleg for utvalet
- Kontrollutvalet skal motta eit oppsummeringsnotat frå interimrevisjonen og årsoppgjersrevisjon.
- Vurdering av kontrollutvalet sitt tilsynsansvar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, jf. Norges kommunerevisjons (NKRFs) rettleiar vert gjennomført i siste møtet kvart år.
- Øvrige tiltak går fram av kontrollutvalet sin tiltaksplan.

4.7. OPPGÅVER KNYTTET TIL RAPPORTERING

- Kontrollutvalet sin årsrapport vert handsama i det første møte kvart år, og vert oversendt kommunestyret til orientering. Kontrollutvalet rapporterer til kommunestyret om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i årsrapporten.
- Rapportar etter gjennomført forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, eventuelt andre bestillingar og eventuelle oppfølgingar av nummererte brev vert sendt fortløpande til kommunestyret.
- Kontrollutvalet sin verksemdsplan for kvar valperiode vert handsama innan eit år etter kvart kommuneval og vert sendt kommunestyret til orientering.

5. OPPLÆRINGS- OG ERFARINGSUTVEKSLING

Kontrollutvalet sine oppgåver er mange og store og ein ser behov for ein jamleg oppdatering av kunnskapar. Dette er vist gjennom kontrollutvalet sitt forslag til budsjett som inneheld ein post til opplæring/kursverksemd.

- Kontrollutvalet ønskjer å vere representert med medlemmer på Norges kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse som vert arrangert i februar kvat år. NKRF sin kontrollutvalskonferanse er ein stor konferanse med deltakarar frå heile landet.



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

- Aukra kommune er medlem i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). FKT sitt formål er å vere ein møte- og kompetanseplass for menneskjer som arbeider med kontroll og tilsyn i kommunane, Sametinget og fylkeskommunane. I juni kvart år vert det avvikla årsmøte og fagkonferanse. Kontrollutvalet ønskjer å vere representert med medlemmer på denne møteplassen.
- Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal inviterer kvart år til ein opplæringsdag for kontrollutvalsmedlemmar og varamedlemmar i kommunane knytt til sekretariatet.
- Kontrollutvalsleiarane er styremedlemmer i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. I styremøta vert det også gjeve høve for erfaringsutveksling.
- Kontrollutvalet og sekretariatet vil fortsette arbeidet med å informere om kontroll og tilsyn, bl.a. gjennom sekretariatet si heimeside www.kontrollutvalgromsdal.no og ved å oppfordre kommunen til å orientere om kontrollutvalet si verksemd på kommunen si heimeside.



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 30/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 14.6.2017.

I dette møtet er det lag opp til følgjande orienteringar knytt til saker på oppfølgingslista.

- Arbeidsmiljøutvalet
- Oppfølging av politisk vedtak
- Barneverntenester

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(à jour pr. 14.6.2017)

Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>27.02.14 Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p>	<p>27.02.14: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. 01.07.14: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. 02.10.14: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. 23.04.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 11.06.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 18.09.15: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. 17.02.16: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp. 25.04.16: Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt.</p>
<p>21.05.14 Ny organisering av pleie og omsorgstenestene i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Aukra kommune har gjort ei omorganisering av pleie- og omsorgstenesta ved å dele tenesta i to med ei eining for Institusjonstenester og ei for Heimetenester. Hensikta med</p>	<p>02.10.14: Einingsleiar for heimetenesta Jorunn Hurlen orienterte. Aukra kommune si pleie- og omsorgsteneste er frå 2014 delt i to einingar – Eining heimetenester og Eining institusjons-tenester. Bakgrunn for delinga</p>

	<p>omorganiseringa er at det skal bli ei betre teneste for brukarane. Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunen sin administrasjon til første møte hausten 2014.</p>	<p>er utfordringane med Samhandlingsreforma, revidert lovverk og forskrifter. Tenestene vil i framtida bli meir basert på kva brukarane rettmessig har krav på og skal tildelast etter vedtak. Sjå protokoll til orienterings-sak OS 10/14 i dagens møte. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om eit år.</p> <p>18.09.15: Rådmann bad om utsetting av orienteringa grunna sjukefråveret i avdelinga. Kontrollutvalet vil utsette orienteringa til neste møte.</p> <p>24.11.15: På grunn av stor saksmengde til dagens møte vert orienteringa utsett til neste møte.</p> <p>17.02.16: Rådmann og fung. einingsleiar orienterte i dagens møte jf. OS 07/16. Kontrollutvalet ønskjer ny statusrapport i kontrollutvalet sitt møte i november 2016.</p> <p>21.11.16: Grunna mange saker på sakskartet hadde ikkje sekretær etterspurt denne orienteringa frå adm. til dagens møte. Kontrollutvalet ønskjer at det vert prioritert å få denne orienteringa i første møte 2017.</p> <p>08.02.17: Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte jf. OS 01/17. Kontrollutvalet vil følgje med på omstillingsprosessen knytt til det nye omsorgssenteret, men avsluttar oppfølging av denne saka.</p>
<p>25.02.15 Oppfølging av politiske vedtak Ansvar: Adm.</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formanns-kapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløps-utvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å følgje opp at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ.</p> <p>Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt ei slik sak.</p>	<p>25.02.15: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.</p> <p>23.04.15: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.</p> <p>11.06.15: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.</p> <p>18.09.15: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.</p> <p>09.06.16: Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.</p> <p>15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.</p> <p>03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å</p>

		<p>oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte.</p> <p>14.06.17: Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.</p>
<p>09.06.16 Informasjon om prosess knytt til Aukra omsorgssenter Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet drøfta i møte 25.04.16 sak 12/16 Eventuelt mottatt spørsmål om evaluering av løysningsforslag knytt til Aukra omsorgssenter. Utvalet konkludere med at dette ikkje var ei sak for kontrollutvalet. For å bidra til ein open organisasjon, oppmodar kontrollutvalet rådmannen om å nytte kommunen si heimeside til å belyse avgjerdsprosessen, i tillegg til å gje informasjon om vidare steg i prosessen knytt til Aukra omsorgssenter. Heimesida er ein nyttig informasjonskanal også for framtidige prosjekt. Utvalet ønskjer å følgje opp om oppmodinga er blitt fulgt.</p>	<p>21.11.16: Sekretær ser at det no er lagt ut informasjon om prosessen knytt til nye Aukra omsorgssenter på kommunen si heimesida. Utvalsmedlemmene vert oppmoda om å gå inn på sida og sjå før neste KU-møte.</p> <p>08.02.17: Kontrollutvalet ønskjer at det på kommunen si heimeside jamleg vert informert om milepelar ved etablering av omsorgssenteret.</p>
<p>15.09.16 Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa Adm./sekr</p>	<p>Endeleg tilsynsrapport, skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik). Utvalet frekk framlagt rapporten i dagens møte (OS 16/16). Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvaret til kommunen. Utvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.</p>	<p>08.02.17: Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet, jf. OS 09/17. Utvalet ønskjer å følgje saka til etter at grunnskulen sin tilstandsrapport for 2017 vert lagt fram, for å sjå om ein kan spore forbetringar.</p>
21.11.16	Fylkeslegen har hatt tilsyn og	

<p>Tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A i Aukra kommune 2016 Adm./sekr.</p>	<p>avdekt to avvik knytt til; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette ar nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp dette tilsynet også i lys av at tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» som avdekte utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen.</p>	
<p>14.06.17 Arbeidsmiljøutvalet (AMU) Adm./sekr./</p>	<p>Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar.</p>
<p>14.06.17 Barnevernstenester</p>	<p>Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern. Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>	<p>14.06.17: Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune.</p>



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/04
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 20.9.2017

Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 31/17	Kontrollutvalet	27.9.2017

EVENTUELT

Dialog med ordfører

Ordfører Bernhard Riksfjord vil delta i dagens møte for dialog med og spørsmål frå kontrollutvalet.

Oppsummering av opplæringsdagen 24.8.2017

Deltakarane gir eit kort referat/oppsummering fra opplæringsdagen med tema forståing av kommunalt rekneskap v/ Åge Sandsengen.